



FINANSTILSYNET

THE FINANCIAL SUPERVISORY
AUTHORITY OF NORWAY

ÅRSMELDING 2018





Finansielt utsyn 2018

Analysar av utviklingstrekk i finansmarknaden blir behandla i
Analysar av utviklingstrekk i finansmarknaden blei presenterte i
den halvårlege rapporten *Finansielt utsyn* i juni og desember.

INNHALD

I	LEDELSENS BERETNING	4
II	INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL	7
	LEIING, PERSONALE OG ORGANISASJON	8
	KOMMUNIKASJON	16
	INTERNASJONALT SAMARBEID	19
III	ÅRETS AKTIVITETER OG RESULTATER	22
	MÅLOPPNÅELSE	23
	RAPPORT FRA TILSYNSOMRÅDENE	24
	Bank og finans	24
	Tilsyn med IKT og betalingstjenester	34
	Forsikring og pensjon	36
	Verdipapirområdet	42
	Infrastruktur	45
	Markedsatferd	48
	Verdipapirforetak	50
	Fond og kollektive investeringer	52
	Prospektkontroll – omsettelige verdipapirer	54
	Regnskapstilsyn – noterte foretak	56
	Revisjon	58
	Regnskapsførervirksomhet	62
	Eiendomsmegling	66
	Inkassovirksomhet	70
	Tiltak mot kvitvasking	73
	Forbrukarvern	75
	Aktuelle tema	78
	Fintech	78
	Folkefinansiering	78
	Berekraftig finans – klimarisiko	79
	Brexit	79
IV	STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA	80
V	VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER	83
VI	ÅRSREKNESKAP	86



LEDELSENS BERETNING



LEDELSENS BERETNING

Finanstilsynets hovedmål er å bidra til finansiell stabilitet og velfungerende markeder. Kjerneoppgaven er å føre tilsyn med konsesjonspliktig virksomhet. For å bidra til høyest mulig samlet måloppnåelse er tilsynsvirksomheten risikobasert, og arbeidet med regelverksutredning og -forvaltning tilpasses så langt som mulig regelverkets betydning for måloppnåelsen. Finanstilsynet har i hovedsak løst oppgavene i tråd med Finansdepartementets tildelingsbrev og planene som ble lagt for virksomheten i 2018.

Finanstilsynet har fått nye, betydelige tilsynsoppgaver. Blant annet er Finanstilsynet blitt krisehåndteringsmyndighet etter det nye europeiske regelverket for krisehåndtering av banker. Finanstilsynet har også fått utvidet tilsynsansvar etter den nye hvitvaskingsloven og flere oppgaver knyttet til handelen med verdipapirer og varederivater. Tilsynets budsjett ble økt i 2018. Nye tilsynsoppgaver, sammen med omfattende arbeid knyttet til utredning, iverksetting og forvaltning av et komplisert og voksende europeisk regelverk, skjerper likevel kravet til prioritering av tilsynets ressurser og til å effektivisere virksomheten.

Finanstilsynet mottar omfattende rapportering fra virksomheter under tilsyn. Rapporteringen skal være effektiv og sikker og må, sammen med annen informasjon, legges til rette for bruk i tilsynsvirksomheten. Som ledd i arbeidet med å effektivisere rapportering og interne arbeidsprosesser, samt styrke tilsynet med finansnæringens IKT- og betalingssystemer, opprettet Finanstilsynet i 2018 en ny avdeling for digitalisering og analyse.

Finansnæringen tar stadig i bruk ny teknologi. Dette har bidratt til effektivisering og nye tjenester, og i økende grad skjer kontakten med kundene på digitale plattformen. Nye aktører utfordrer de etablerte foretakene, og den teknologiske utviklingen påvirker alle bransjer under Finanstilsynets tilsyn. Ny teknologi kan gi økt konkurranse og bedre tilgang til finansielle tjenester, større valgmuligheter og billigere tjenester. Samtidig kan nye produkter og forretningsmodeller innebære nye typer risiko, både for det finansielle systemet og for kundene. Hensynet til finansiell stabilitet og kundevern tilsier at lik risiko bør behandles likt, uavhengig av forretningsmodell.

Etter en periode med lav vekst som følge av oljeprisfallet har veksten i fastlandsøkonomien de siste par årene vært god, og arbeidsledigheten har falt til et lavt nivå. Det forventes en fortsatt god utvikling i norsk økonomi de nærmeste årene, men utviklingen er usikker. Husholdningenes gjeldsgrad er svært høy, og gjelden vokser fortsatt mer enn inntektene. Veksten i boligprisene var moderat i 2018, men det høye nivået på husholdningsgjelden og boligprisene utgjør en betydelig risiko for den finansielle og økonomiske stabiliteten i Norge. Videre er norsk økonomi og norske finansmarkeder utsatt ved internasjonal finansuro og tilbakeslag i internasjonal økonomi. Brexit, handelskonflikter og høy privat gjeld i Kina er blant forholdene som kan utløse økonomisk tilbakeslag og uro i finansmarkedene.

Den gunstige utviklingen i norsk økonomi gjenspeiles i lave tap og gode resultater i bankene. Bankenes soliditet er gradvis styrket i årene etter den internasjonale finanskrisen. God soliditet og lønnsomhet gir bankene et godt utgangspunkt for å kunne håndtere økonomisk tilbakeslag og urolige markeder. Den europeiske reguleringen av bankers kapitalkrav forventes å bli tatt inn i EØS-avtalen i 2019. Det vil isolert sett innebære noe lavere kapitalkrav for norske banker som følge av lavere risikovekting av bankenes utlån enn i gjeldende norsk regulering. Hensynet til finansiell stabilitet tilsier imidlertid at bankenes reelle soliditet opprettholdes. Finanstilsynet vil gjennom tilsynspraksis bidra til det.

Muligheten til nyetablering er viktig for konkurransen i bankmarkedet. De siste årene har Finanstilsynet gitt tillatelser til flere nye banker, hvorav mange har konsentrert virksomheten om å yte usikret kreditt til forbrukere (forbrukslån). Høy vekst og fare for uheldig kundeseleksjon medfører at tapsrisikoen for nyetablerte banker må antas å være høyere enn normalt i næringen.

Utenom egenkapitalen er de nyetablerte bankene i hovedsak finansiert med innskudd dekket av den norske innskytergarantiordningen. Ved fallitt kan banker med høy innskuddsfinansiering lettere påføre garantiordningen tap enn banker med mer diversifisert finansiering. For å forebygge soliditetssvikt i nyetablerte banker og belastninger på innskytergarantiordningen stiller derfor Finanstilsynet kapitalkrav til disse bankene som er vesentlig høyere enn de generelle kapitalkravene.

Forbrukslån utgjør en liten del av husholdningenes gjeld, men vokser fortsatt sterkt. Dette er dyre lån som kan påføre sårbare husholdninger store belastninger. Utlånene har så langt vært svært lønnsomme for finansforetakene. Det skyldes blant annet at et sterkt kreditorvern har begrenset tapene der lån misligholdes. Når disse lånene vokser sterkt i lengre tid, kan imidlertid den framtidige kredittrisikoen bli undervurdert. Denne utlånsvirksomheten medfører i tillegg en betydelig omdømmerisiko for den enkelte utlåner og for finansnæringen som sådan, og kan svekke den alminnelige tilliten til kreditorvernet. Finanstilsynet følger opp forbrukslånsmarkedet gjennom tilsyn og har blant annet foreslått forskriftsregulering av bankenes yting av forbrukslån for å bidra til sunnere kredittpraksis. Finansdepartementet fastsatte slik forskrift 12. februar 2019.

Finansnæringen har viktige oppgaver og forpliktelser for å bekjempe hvitvasking, terrorfinansiering og annen økonomisk kriminalitet. Etterlevelsen av hvitvaskingsregelverket er viktig for finansnæringens tillit i samfunnet. Brudd på regelverket innebærer en betydelig operasjonell risiko for foretakene i form av omdømmetap, bøter og erstatningsansvar. Finanstilsynet har økt tilsynsaktiviteten på dette området og har i den nye hvitvaskingsloven som trådte i kraft i oktober, også fått utvidet tilsynsansvar. I Finanstilsynets strategi for de neste fire årene er kriminalitetsbekjempelse et av delmålene, og tilsyn med etterlevelse av hvitvaskingsregelverket vil bli prioritert.


Vern av investorenes interesser, særlig forbrukernes, står sentralt i tilsynet med verdipapir- og fondsmarkedet. Ny, felles europeisk lovgivning på verdipapirområdet bidrar til økt investorbeskyttelse. Samtidig er det innført ny, omfattende regulering av markedsplassene og annen markedsinfrastruktur, herunder nye rapporteringskrav, for å bidra til finansiell stabilitet og velfungerende verdipapirmarkeder. Dette stiller store krav til Finanstilsynets oppfølging. Derfor har ressursbruken rettet mot verdipapirmarkedets infrastruktur økt, og den forventes også å øke i årene framover.

Tilsynet på verdipapir- og fondsområdet må ses i sammenheng med tilsynsvirksomheten på pensjonsområdet. Livsforsikringsforetakenes pensjonsforpliktelser er fortsatt dominert av ytelsesordninger. Dreiningen fra ytelsespensjon til innskuddspensjon i privat sektor har imidlertid medført at individuelle og kollektive innskuddsordninger med investeringsvalg er i sterk vekst. Investeringsvalgene kan få stor betydning for den enkeltes framtidige pensjonsytelse. Dette stiller særlige krav til god kunderådgivning og annen investorbeskyttelse.

Oslo, 21. februar 2019

Finn Arnesen
styreleder

Morten Baltzersen
finansstilsynsdirektør



INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

INTRODUKSJON TIL VERKSEMMA OG HOVUDTAL

Finanstilsynet har tilsyn med bankar, finansieringsføretak, kredittføretak, e-pengeføretak, betalingsføretak, forsikringsføretak, pensjonsføretak og -fond, forsikringsformidlarar, verdipapirføretak, forvaltningsselskap for verdipapirfond, forvaltarar av alternative investeringsfond, regulerte marknader (inkl. børsar), verdipapirregister, eigedomsmeklingsføretak, inkassoføretak, rekneskapsførarar og revisorar. I tillegg har Finanstilsynet kontroll med prospekt, den finansielle rapporteringa til noterte føretak og marknadsåtferda i verdipapirmarknaden.

Lovgrunnlag

Finanstilsynet sitt formål etter finanstilsynslova § 3:

«Tilsynet skal se til at de foretak det har tilsyn med, virker på hensiktsmessig og betryggende måte i samsvar med lov og bestemmelser gitt i medhold av lov samt med den hensikt som ligger til grunn for foretakenes opprettelse, dens formål og vedtekter. Tilsynet skal se til at foretakene under tilsyn i sin virksomhet ivaretar forbrukernes interesser og rettigheter.»

Strategi

Finanstilsynet gjennomgår kvart fjerde år strategien for verksemda. Strategien er eit viktig grunnlag for løpande prioritering og styring av verksemda til tilsynet. Saman med tildelingsbrevet frå Finansdepartementet er strategien utgangspunktet for dei årlege planane for verksemda. Strategien for perioden 2015–2018 blei fastsett av styret til Finanstilsynet 15. desember 2014. 18. desember 2018 fastsette styret ein ny strategi for perioden 2019–2022.

Hovudmål

Hovudmålet til Finanstilsynet er å bidra til finansiell stabilitet og velfungerande marknader.

Delmål 2015–2018

I strategien for 2015–2018 blei det formulert fem delmål, slik at ein lettare kan operasjonalisere hovudmåla og evaluere verksemda:

1. Solide og likvide finansføretak
2. Robust infrastruktur
3. Investørvern
4. Forbrukarvern
5. Effektiv krisehandtering

Verkemiddel

Verksemda til Finanstilsynet er omfattande, og ulike verkemiddel bidreg til å oppfylle måla til tilsynet. Verkemidla blir nytta enkeltvis eller i kombinasjon, og dei kan delast inn i fire hovudgrupper:

- Tilsyn, overvaking og kontroll
- Forvaltning
- Regelverksutvikling
- Informasjon og kommunikasjon

Leiing

Styret i Finanstilsynet har det overordna ansvaret for verksemda i Finanstilsynet. Styret har fem medlemmer. Medlemmene og varamedlemmene blir oppnemnde av Finansdepartementet for ein periode på fire år. Frå 1. mars 2018 er Finn Arnesen styreleiar i Finanstilsynet.

Den daglege leiinga blir utført av finanstilsynsdirektøren, som blir oppnemnd av Kongen i statsråd for eit åremål på seks år om gongen. Morten Baltzersen har vore finanstilsynsdirektør sidan 15. august 2011, og han tok til på det andre åremålet i august 2017. Direktøren rådfører seg med ei leiargruppe, som består av avdelingsdirektørane for tilsynsavdelingane og administrasjonsavdelinga, juridisk direktør og kommunikasjonssjefen.



Styresamansetnaden frå 1. mars:

Finn Arnesen

leiar

professor ved Nordisk institutt for sjørett, leiar for Senter for europarett, Det juridiske fakultet, Universitetet i Oslo

Giuditta Cordero-Moss

nestleiar

professor ved Institutt for privatrett, Det juridiske fakultet, Universitetet i Oslo

Mette Bjørndal

styremedlem

professor ved Institutt for føretaksøkonomi, Noregs Handelshøgskole

Kjetil Wibe

styremedlem

advokat ved Advokatene Rege & Wibe

Arne Skauge

styremedlem

pensjonist, tidlegare administrerande direktør i Finansnæringens Hovedorganisasjon (FNH)

Thorunn Falkanger

første varamedlem

førstelektor ved Institutt for rettsvitenskap og styring, Handelshøgskolen BI

Bjørn Arild Gram

andre varamedlem

ordførar i Steinkjer kommune

Sindre Weme

observatør

direktør i bankanalyse i Noregs Bank

Ylva Søvik

varaobservatør

assisterande direktør i bankanalyse i Noregs Bank

Styresamansetnaden fram til 1. mars:

Endre Skjørestad

leiar

advokat/partnar i Haver Advokatfirma AS

Giuditta Cordero-Moss

nestleiar

professor ved Institutt for privatrett, Det juridiske fakultet, Universitetet i Oslo

Mette Bjørndal

styremedlem

professor ved Institutt for føretaksøkonomi, Noregs Handelshøgskole

Eirik Wærness

styremedlem

direktør/sjeføkonom i Statoil ASA

Arne Skauge

styremedlem

pensjonist, tidlegare administrerande direktør i Finansnæringens Hovedorganisasjon (FNH)

Thorunn Falkanger

første varamedlem

førstelektor ved Institutt for rettsvitenskap og styring, Handelshøgskolen BI

Kjetil Wibe

andre varamedlem

advokat i Advokatene Rege & Wibe

Sindre Weme

observatør

direktør i bankanalyse i Noregs Bank

Henrik Borchgrevink

varaobservatør

direktør i makrotilsyn i Noregs Bank

Frå venstre:

Mette Bjørndal

Inga Baadshaug Eide

Arne Skauge

Thorunn Falkanger

Bjørn Arild Gram

Finn Arnesen

Giuditta Cordero-Moss

Sindre Weme

Johan Fredrik Øhman

Kjetil Wibe

Foto:

Jarle Nytingnes



To representantar som er valde av og blant dei tilsette, deltek i styrebehandlinga av administrative saker.

Desse representerte dei tilsette i 2018:

Inga Baadshaug Eide, tilsynsrådgivar

Johan Fredrik Øhman, spesialrådgivar

Vararepresentantar var seniorrådgivar **Kaja Solli**, spesialrådgivar **Elise Ødegård** og senior rådgivar **Marit Skjevling** (frå 26. mars 2018). Spesialrådgivar **Hege Bunkholt Elstrand** var første vararepresentant fram til 1. februar 2018.

I 2018 hadde styret elleve ordinære styremøte. Styret avgjorde 33 administrative saker og 83 fagsaker. I tillegg fekk styret 26 administrative saker og 42 fagsaker til skriftleg orientering. Styret får òg munnleg orientering om aktuelle saker.

Endring i organiseringa av Finanstilsynet

Styret i Finanstilsynet vedtok ein ny avdelingsstruktur som tok til å gjelde frå september. Med dette fekk Finanstilsynet ei nyoppretta avdeling for digitalisering og analyse. Sjå utfyllande informasjon i kapittel IV Styring og kontroll i verksemda, side 80.

Leiargruppa i Finanstilsynet

Morten Baltzersen

finansstilsynsdirektør

Ann Viljugrein

direktør for bank- og forsikringstilsyn
(begynte 24. februar 2018)

Anne Merethe Bellamy

direktør for marknadstilsyn

Per Mathis Kongsrud

direktør for digitalisering og analyse
(begynte 1. september 2018)

Cecilie Ask

juridisk direktør

Gun Margareth Moy

administrasjonsdirektør

Kjetil Karsrud

kommunikasjonsdirektør

Fram til 24. februar 2018 var **Emil R. Steffensen** direktør for bank- og forsikringstilsyn.

Frå venstre:
Anne Merethe Bellamy
Ann Viljugrein
Gun Margareth Moy
Morten Baltzersen
Kjetil Karsrud
Cecilie Ask
Per Mathis Kongsrud

Foto:
Jarle Nytingnes

Personale og organisasjon

Finanstilsynet arbeider kontinuerleg for å vidareutvikle organisasjonen i tråd med nasjonale føringar og eigne behov. Finanstilsynet legg vekt på tiltak for å rekruttere, behalde og vidareutvikle dyktige medarbeidarar og lei-arar. Finanstilsynet legg òg vekt på intern mobilitet for å auke den totale kompetansen om verksemda.

Finanstilsynet hadde ei utskifting på 6,8 prosent i 2018, ned frå 9,4 prosent i 2017. Tilsynet har hatt rekrutteringsvekst i fleire år og lyste i 2018 ut 50 stillingar. Finanstilsynet profilerer seg overfor målgruppene det rekrutterer frå, og nyttar alternative rekrutteringsmetodar for at organisasjonen skal kunne skaffe seg den rette kompetansen. På enkelte fagområde har det vore vanskeleg å rekruttere kvalifisert kompetanse.

Verksemda til Finanstilsynet krev både tverrfagleg kompetanse og spisskompetanse på dei ulike tilsyns-områda. Dei største utdanningsgruppene er samfunns- og siviløkonomar, juristar og revisorar.

Sjukefråværet held seg lågt og var på 4,2 prosent i 2018, mot 3,6 prosent i 2017. Målet for verksemda er 3,5 prosent sjukefråvær. Finanstilsynet er ei IA-verksemda og følgjer opp langtidssjukmelde og set om nødvendig inn tiltak mot hyppig korttidsfråvær.


Fakta

Talet på tilsette i Finanstilsynet ved utgangen av 2018 var 302, mot 293 ved utgangen av 2017. Dette inkluderer korttidsengasjement. I årsmeldinga for 2017 blei det rapportert 276 tilsette per 31. desember 2017. Dette talet inkluderte ikkje korttidsengasjement. Talet på årsverk var 282 ved utgangen av 2018, mot 271 i 2017. Årsverka er berekna ut frå talet på arbeidsavtalar totalt. Fråvær er ikkje trekt frå. Kjønnfordelinga i tilsynet var 47 prosent menn og 53 prosent kvinner per 31. desember 2018, tilsvarande som på same tid i 2017. Ved utgangen av 2018 var det fire kvinner og tre menn i leiargruppa. Blant seksjonssjefane var fordelinga 41 prosent menn og 59 prosent kvinner.

Lønna til direktøren var 1 645 000 kroner ved utgangen av 2018. Fast årleg honorar til styreleiaren var 270 000 kroner, til nestleiaren 182 400 kroner og til styremedlemmene 158 000 kroner. Til første varamedlem var honoraret 133 000 kroner, og til andre varamedlem var det 111 500 kroner.

Figur 1: Alderssamansetnad

Kjelde: SAP




Figuren viser alderssamansetnaden blant dei tilsette i Finanstilsynet. Tala inkluderer fast tilsette, mellombels tilsette, årsmål og engasjement – uavhengig av stillingsprosent.

Tabell 1: Hovudtal

	2017	2018
Tal på årsverk	271	282
Samla tildeling post 01–99	kr 378 678 000	kr 414 514 000
Utnyttingsgraden på post 01–29	97,94 %	96,09 %
Sum utbetalningar til drift	kr 352 305 231	kr 381 580 822
Lønnsdel av utbetalningar til drift	72,89 %	72,00 %
Lønn per årsverk	kr 947 644,35	kr 974 214

«Lønnsutgifter per årsverk» er summen av lønn, arbeidsgivaravgift, pensjonsutgifter, andre ytingar som velferd, personforsikringar o.a. Før summen blir delt på årsverk, blir refusjonar som gjeld lønn trekte frå. Sjå òg kapittel VI Årsrekneskap på side 92 i note 2: Utbetalningar til lønn til tabell 15: Oppstilling av artskontorrapporteringa 31.12.2018.

Figur 2: Dokumentbehandling


	2016	2017	2018
Saksdokument totalt	49 143	51 527	54 024

Talet på registrerte saksdokument til og frå Finanstilsynet auka med 2497 frå 2017 til 2018. Auken skriv seg mellom anna frå at Finanstilsynet lyste ut mange stillingar i 2018. Det var òg ein auke i talet på vurderingar av om

styremedlemmer i finansføretak er eigna, og på søknader om kapitalendringar i finansføretak. I tillegg var det ein generell auke i saker på egedomsmeiklings- og inkassoområdet.



Tabell 2: Oversikt over føretak under tilsyn per 31.12.2018

	2014	2015	2016	2017	2018
Sparebankar	105	104			
Forretningsbankar	19	22	125	126	126
Finansieringsføretak			25	24	28
Kredittføretak ²	55	57	34	33	33
Filialar i utlandet av norske bankar og andre kredittinstitusjonar	18	7	18	18	12
Filialar i Noreg av utanlandske bankar og kredittinstitusjonar	40	41	39	39	35
Sparebank- og finansstiftingar	25	25	30	33	33
Betalingsføretak	14	15	15	19	16
E-pengeføretak	3	4	6	7	6
Livsforsikringsføretak	13	13	13	12	12
Skadeforsikringsføretak, inkl. brannkassar ³	59	60	59	58	56
Sjøtrygdslag	10	9	6	6	5
Filialar i utlandet av norske forsikringsføretak	15	13	13	13	8
Filialar i Noreg av utanlandske forsikringsføretak	31	32	29	29	28
Forsikringsformidlingsføretak ⁴	102	102	107	107	101
Private pensjonskassar	52	49	48	47	50
Kommunale pensjonskassar	38	39	39	37	37
Innskotspensjonsføretak ⁵	–	1	1	1	1
Pensjonsfond	4	4	4	1	1
Holdingsføretak	11	14	17	13	15
Verdipapirføretak	106	114	107	106	96
Filialar i Noreg av utanlandske verdipapirføretak	22	22	19	19	22
Forvaltningsselskap for verdipapirfond	30	30	31	29	29
Forvaltningar av alternative investeringsfond ⁶	–	15	35	37	40
Registrerte forvaltningar av alternative investeringsfond ⁷	–	51	67	110	107
Sentrale motpartar (tidl. oppgjerssentralar) ⁸	4	3	4	–	–
Verdipapirregister	1	1	1	1	1
Regulerte marknader, inkl. børsar	5	5	5	5	5
Revisorar	7 191	7 380	7 570	7 807	7 933
Revisjonsselskap	533	516	488	447	447
Rekneskapsførarar	11 500	11 558	11 185	11 350	11 606
Rekneskapsførarselskap	2 858	2 835	2 785	2 827	2 772
Eigedomsmeklarføretak	499	500	503	510	506
Advokatar med eigedomsmekling i eigen praksis	1 278	1 238	1 164	1 160	1 056
Inkassoføretak	98	100	103	99	101
Oppkjøpsføretak	4	4	3	7	8

¹ Frå 2016 blir forretningsbankar og sparebankar rekna saman i kategorien «bankar».

² Frå 2016 er kategorien «finansieringsføretak» delt i kategoriane «finansieringsføretak» og «kredittføretak».

³ Frå 2016 er brannkassar inkluderte i skadeforsikringsføretak.

⁴ Forsikringsagentføretak som distribuerer forsikringar berre for forsikringsføretak med kontorstad i Noreg, er ikkje inkluderte i denne oversikta. Aksessoriske forsikringsagentar, det vil seie føretak som har forsikringsformidling som ei sideverksemd, er heller ikkje inkluderte.

⁵ Føretak under tilsyn frå 2015.

⁶ Konesjonspått frå 1. januar 2015.

⁷ Konesjonspått frå 1. januar 2015.

⁸ Etter ei endring i verdipapirhandelova 1. juli 2017 og med innføring av det europeiske infrastruktur- og marknadsdirektivet (EMIR) er ikkje lenger utanlandske sentrale motpartar under tilsyn av Finanstilsynet. Sentrale motpartar kan likevel halde fram med å drive verksemd i Noreg i kraft av å ha løyve etter EMIR frå myndigheita i heimlandet.

Finanstilsynet har i tillegg kontroll med den finansielle rapporteringa til om lag 260 noterte føretak og fører tilsyn med 423 verdipapirfond.

**Tabell 3: Stadlege tilsyn fordelt på føretakstypar – inkludert IKT-tilsyn**

	2014	2015	2016	2017	2018
Bank og finans	67	54	53	42	35
Betalingsføretak og e-pengeføretak	1	1	3	–	2
Livsforsikringsføretak	3	3	4	7	4
Skadeforsikringsføretak	10	6	8	9	6
Forsikringsformidlingsføretak	3	2	3	5	1
Pensjonskassar og -fond	3	2	2	3	1
Verdipapirføretak	11	17	8	12	14
Forvaltningsselskap for verdipapirfond	3	2	2	–	2
Infrastrukturføretak	–	1	4	3	4
Revisorar	29	40	32	41	16
Rekneskapsførarar	50	43	40	57	63
Eigedomsmeklarar	32	37	29	25	21
Inkassoføretak	3	6	7	6	4

Det låge talet på tilsyn i kategorien «Bank og finans» i 2018 er mellom anna fordi enkelte tematilsyn som blei førebudd hausten 2018, først blei gjennomførde tidleg i 2019 og at Finanstilsynet hadde færre tilsyn enn i 2017 med føretak som nyttar interne modellar (IRB) for å berekne kapitalkrav for kredittrisiko for hovuddelen av utlånsporteføljane sine.



Finanstilsynet sin organisasjon

Oppdatert per 31.12.2018





Kommunikasjon

Kommunikasjonstiltaka til Finanstilsynet rettar seg i første rekkje mot føretaka og bransjane som Finanstilsynet har tilsyn med, men òg mot media og allmenta. Finanstilsynet har mange ansvarsområde med omfattande regelverk og komplekse saksforhold som krev aktiv formidling. Kommunikasjonsarbeidet følgjer prinsippa i den statlege kommunikasjonspolitikken, mellom anna ved at ansvaret følgjer leiaransvaret på dei ulike fagområda. Ein eigen strategi for ekstern kommunikasjon er òg ein del av grunnlaget for kommunikasjonsverksemda.

Kommunikasjon med føretaka i finanssektoren

Finanstilsynet er avhengig av å ha tillit hos dei det blir ført tilsyn med, og i samfunnet elles. Derfor må det vere høg kvalitet på tilsynsverksemda og tydeleg og konsekvent kommunikasjon. God kommunikasjon med marknadsaktørane, bransjeorganisasjonane, ulike myndigheiter, media og samfunnet elles er viktig for at Finanstilsynet skal kunne utføre samfunnsoppdraget sitt.

Ein av dei viktigaste kanalane for kommunikasjon med føretak og personar under tilsyn er brev frå Finanstilsynet. I 2018 blei det sendt ut til saman 20 581 brev (utgåande dokument). Av desse blei 84 prosent sendt per e-post. Til samanlikning blei det sendt ut 20 040 brev i 2017.

Presiseringar av regelverk, rapporteringsvarsel og saker som føretaka og bransjane må ta omsyn til, blir oftast formidla gjennom rundskriv. I 2018 distribuerte Finanstilsynet seks rundskriv, mot 17 i 2017. Rundskriva frå Finanstilsynet blir òg publiserte på Lovdata Pro.

Samarbeid

Finanstilsynet har eit omfattande kontaktnett og har faste møte med mellom anna samarbeidande myndigheiter i Noreg og internasjonalt, ulike bransje- og interesseorganisasjonar og dei største føretaka under tilsyn. Sjå relasjonskartet på side 18. Finanstilsynet gjennomfører òg brukarundersøkingar hos føretak under tilsyn med jamne mellomrom.

Konferansar og seminar

Ein viktig del av kommunikasjonen som Finanstilsynet har med bransjane, skjer gjennom seminar og foredragsverksemd. Finanstilsynet arrangerer fleire konferansar og seminar i løpet av året retta mot pressa og næringa. Tilsynet arrangerte tre pressekonferansar i 2018, som òg blei overførte på nett-TV. I juni og desember la tilsynet fram rapporten *Finansielt utsyn*. Denne rapporten analyserer og vurderer utviklinga og risikoen i finansmarknaden og moglege kjelder til framtidige stabilitetsproblem i den norske finanssektoren. I mai la tilsynet fram rapporten *Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS)* om bruken av IKT i finanssektoren, som òg blei presentert for næringa på eit felles seminar med Noregs Bank om IKT-infrastruktur. I november arrangerte tilsynet eit seminar for noterte føretak om krav til finansiell rapportering og løpande informasjonsplikt. Seminaret blei overført på nett-TV.

Foredrag

Mange av leiarane og dei tilsette i Finanstilsynet heldt ei rekkje foredrag på seminar og konferansar gjennom året i regi av føretak under tilsyn, bransjeorganisasjonar o.a. om regelverksutvikling, tolking av regelverk og tilsynspraksis.

Mediekontakt

Finanstilsynet publiserte 23 pressemeldingar i 2018, mot 21 i 2017. Mediedekninga av Finanstilsynet var i 2018 òg prega av den sterke auken i forbrukslån og talet på bankar som tilbyr slike lån. Saka om misleghald av marginkrav hos Nasdaq Clearing AB fekk òg mykje merksemd. Finanstilsynet fekk mange spørsmål om tiltak mot kvitvasking i Noreg som følgje av sakene om kvitvasking i danske og finske bankar. Det var stor interesse for tema som folkefinansiering, kryptovalutaer og fintech. Medieovervakingsselskapet M-Brain registrerte 6110 oppslag der Finanstilsynet var nemnt, mot 4391 oppslag i 2017.



Dokumentinnsyn hos Finanstilsynet

I 2018 fekk Finanstilsynet førespurnad om innsyn i til saman 4034 dokument. 1391 dokument blei ikkje utleverte fordi dei var heilt unnatekne frå offentleg innsyn. Dette er ein auke frå 873 dokument i 2017. Dei fleste innsynsbestillingane kjem via den offentlege elektroniske postjournalen elnnsyn.no, som er felles for alle statlege etatar.

Tabell 4: Innsynskrav – dokument

	2016	2017	2018
Bestillingar	2 116	3 379	4 034
Ikkje utleverte	714	873	1 391

Nettstaden til Finanstilsynet

Nettstaden til Finanstilsynet, finansstilsynet.no, er hovudkanalen for informasjon frå Finanstilsynet. Der finn ein informasjon om regelverk, konsesjonskrav, tilsyn, rapportering og ulike aktuelle tema på dei ulike tilsynsområda. På nettstaden blir rapportar, analysar, regelverk, merknader etter tilsyn, rundskriv og presse-meldingar publiserte. Større rapportar og sentrale lover og forskrifter er omsette til engelsk og er òg tilgjengelege på nettstaden. Netstaden er sikker og mobiltilpassa, og han skal gi brukarane enkel tilgang til relevant informasjon gjennom søk og navigasjon, struktur og inngangar til ulike emne og tilsynsområde.

I 2018 var det samla besøkstalet for nettstaden 674 800, mot 583 200 i 2017. Den mest brukte tenesta på nettstaden er konsesjonsregisteret. Det er eit søkbart register over alle føretak og personar som Finanstilsynet har tilsyn med. Statistikken for nettstaden viser ein relativt stabil bruk over tid, men det var ein auke på vel 15 prosent i talet på besøk frå 2017 til 2018. Talet på besøk i 2018 var 674 800, mot 583 200 i 2017. Totalt hadde nettstaden 233 631 unike besøkjande.


Ved utgangen av 2018 hadde Finanstilsynet 5904 følgjarar på LinkedIn, mot 4154 på same tid i 2017, og 1077 følgjarar på Twitter, mot 916 i 2017. Tilsynet sende 33 twittermeldingar i 2018, mot 16 i 2017.

Tiltak for klart språk i Finanstilsynet

Finanstilsynet legg vekt på at språket skal vere klart og forståeleg for mottakarane. Klarspråkarbeidet er forankra i interne retningslinjer som slår fast at språket i brev, rapportar, nettekstar m.m. skal vere klart og enkelt og ta omsyn til mottakarane. I 2018 blei det arbeidd mykje med språk og framstillingsform i ulike tekstar, og dette arbeidet held fram saman med andre tiltak i 2019. Når språket i tekstane blir enklare og klarare, reknar Finanstilsynet med at mottakarane forstår budskapet og kan bruke informasjonen frå tilsynet som grunnlag i arbeidet sitt og for å fatte egne avgjerder.



Finanstilsynet sine viktigaste relasjonar



Internasjonalt samarbeid

Finansmarknadene er internasjonale, og prinsipp for regelverk og tilsyn blir utarbeidde globalt og i EU. Finanstilsynet samarbeider derfor med andre myndigheiter både globalt og innanfor EØS om tilsynet med finansmarknadene og finansføretaka. Eit viktig formål med tilsynssamarbeidet på tvers av landegrensene er å kunne identifisere risikofaktorar i føretak og marknader i den internasjonale finansmarknaden på eit tidleg tidspunkt. Tilsynssamarbeidet gjer det òg mogleg å setje i verk samordna tiltak for å handtere risiko.

Globalt samarbeid

Statar og myndigheiter samarbeider globalt for å utvikle prinsipp for regelverk og tilsyn med finansføretak og finansmarknader. Finanstilsynet deltek i ei rekkje internasjonale organisasjonar og arbeidsgrupper, sjå oversikt på side 21. Fleire av desse er nærmare omtalte på nettstaden til Finanstilsynet. I 2018 var Finanstilsynet representert i styret i det globale samarbeidet mellom revisortilsyna, International Forum of Independent Audit Regulators (IFIAR).

Samarbeid mellom finanstilsyna i EØS

I 2018 prioriterte Finanstilsynet samarbeidet i EØS, og særleg samarbeidet med dei europeiske finanstilsynsmyndigheitene:

- European Banking Authority (EBA)
- European Securities and Markets Authority (ESMA)
- European Insurance and Occupational Pensions Authority (EIOPA)
- European Systemic Risk Board (ESRB)

Finanstilsynet deltek som medlem i finanstilsynsmyndigheitene i EU saman med dei andre nasjonale finanstilsyna i Europa. Dette er forankra i EØS-avtalen. EØS- og EFTA-statane har ikkje stemmerett i organa som kan fatte vedtak, og finanstilsynsmyndigheitene i EU kan ikkje fatte vedtak som er retta mot EØS- og EFTA-statane. I 2018 deltok Finanstilsynet sin direktør, avdelingsdirektørar eller varaene deira i alle møta i tilsynsstyra i EBA, ESMA og EIOPA. Finanstilsynet deltok òg i ei rekkje av underkomiteane som førebur saker til tilsynsstyret.

Deltakinga i dette samarbeidet gir Finanstilsynet saman med andre nasjonale finanstilsyn høve til å vere med og utarbeide forslag til relevant regelverk for finansmarknadene i ein tidleg fase. Mens det overordna regelverket oftast blir utarbeidd på politisk nivå, er Finanstilsynet og andre nasjonale finanstilsyn i hovudsak involverte i å utarbeide forslag til utfyllande reglar. I 2018 blei det utarbeidd ei rekkje slike reglar om mellom anna kapitalkrav for bankar, krisehandtering i bankar, krav til verdipapirmarknadene, tiltak mot kvitvasking og krav til betalingssystem.

Gjennom det europeiske tilsynssamarbeidet er Finanstilsynet òg involvert i å overvake og handtere risikoar på europeisk nivå. Finanstilsyna i alle europeiske land rapporterer tal frå finansmarknadene til dei europeiske finanstilsynsmyndigheitene, og dette er grunnlaget for overordna analysar og vurderingar av moglege tiltak. Finanstilsynet bidrog i 2018 med slik regelmessig rapportering frå den norske finansmarknaden. Norske bankar og forsikringsføretak deltok òg i stresstestane som blei gjennomførte på europeisk nivå i 2018. For dei større grensekryssande konserna deltek Finanstilsynet i såkalla tilsynskollegium. Dette er samarbeid med representantar for finanstilsyn frå andre land der konsernet er etablert. Les meir om rapportering, stress-testar i 2018 og tilsynskollegia i dei ulike kapitla om føretak under tilsyn.

Finanstilsynet deltok i 2018 som observatør i det europeiske samarbeidet om revisortilsyn, Committee of European Auditing Oversight Bodies (CEAOB). Denne komiteen registrerer inspeksjonsmerknader på revisjonsområdet i ein felles europeisk database, som er eit nyttig grunnlag for kommunikasjon med dei som fastset standardar, og for tilsynet med dei største revisjonsselskapa.

Som part i det europeiske samarbeidet for finanstilsyn deltek Finanstilsynet i vurderinga av kva som er god tilsynspraksis. I 2018 var det på europeisk nivå fastsett fleire generelle tilrådingar om slik praksis. Finanstilsynet har vurdert om det bør følgje kvar tilråding og har publisert tilrådingane på nettstaden sin.



Dei nasjonale finanstilsyna i EØS utfører fagfelle-vurderingar. Tilsynspraksisen i dei ulike landa blir undersøkt, og finanstilsyna gir råd om tilpassing og kva som er beste praksis. Finanstilsynet deltok i fleire slike fagfelle-vurderingar i 2018. Rapportar etter vurderingane er publiserte på nettsidene til dei europeiske finanstilsynsmyndigheitene.

EØS-prosessane

EU-reglane på finansområdet skal vanlegvis takast inn i EØS-avtalen og gjennomførast i norsk lov eller forskrift. Finanstilsynet bidreg i dette arbeidet. På finansområdet har det vore forseinkingar i lengre tid med å innlemme reglane i EØS-avtalen, men i 2018 blei 84 EU-direktiv og -forordningar som gjeld finansmarknaden, tekne inn i EØS-avtalen. Ved utgangen av 2018 var det framleis over 300 rettsaktar som ikkje var innlemma i EØS-avtalen, men ein stor del av desse er no førebudde for dette. Det er venta at dette skjer i 2019, og at dei òg blir gjennomførte i norsk rett i 2019.

Forslag til å endre rammene for finanstilsyn i EØS

Hausten 2017 la EU-kommisjonen fram eit forslag om å revidere systemet til finanstilsyna i EU, European System of Financial Supervision (ESFS). Forslaget blei behandla i EU-parlamentet og EU-rådet i 2018, men det er ikkje vedteke. Forslaget frå EU-kommisjonen var at finanstilsynsmyndigheitene i EU skal få ei større rolle i å harmonisere tilsynspraksisane. EU-kommisjonen har foreslått direkte tilsyn på EU-nivå med fleire typar føretak og produkt som i dag er under tilsyn av nasjonale finanstilsyn. EU-kommisjonen la òg fram forslag til ei anna styring og ei endra form for finansiering av finanstilsynsmyndigheitene i EU. Finansdepartementet gav merknader i EU-høyringa om saka i mai 2017. Finanstilsynet bidrog til merknadene til høyringa og deler vurderingane til Finansdepartementet om at fleire av forslaga ikkje vil bidra til betre tilsyn. EU-parlamentet og EU-rådet vil ikkje vedta endringar før etter valet til EU-parlamentet våren 2019.

Nordisk og nordisk-baltisk samarbeid

I den nordiske finansmarknaden er det fleire finansføretak som tilbyr tenester på tvers av landegrensene gjennom dotterselskap og filialar. Finanstilsyna i dei nordiske landa har faste, årlege møte på direktørnivå og avdelingsnivå for dei ulike tilsynsområda.

Finanstilsynet deltek i Nordic-Baltic Stability Group. Denne gruppa består av finansdepartementa, sentralbankane og finanstilsyna i dei nordiske og baltiske landa. Gruppa har utarbeidd rammeverk for å koordinere tiltak i dei ulike landa for ein eventuell krisesituasjon i systemviktige grensekryssande finansføretak.

Finanstilsynet deltek òg i Nordic-Baltic Macroprudential Forum og i undergruppene av dette forumet. Forumet består av leiinga i sentralbankane og finanstilsyna, og dei drøftar makroøkonomisk overvaking og anna tilsynsarbeid i det nordiske og baltiske området.



Tabell 5: Finanstilsynet deltek eller er observatør i følgende internasjonale organisasjoner og EU/EØS-relaterte komitear:

Sektorovergripande

- European Systemic Risk Board (ESRB) – det europeiske rådet for systemrisiko
- Joint Committees for EBA, ESMA, EIOPA – felleskomiteane for dei europeiske finanstilsynsmyndigheitene
- EU Commission Expert Group on Banking, Payments and Insurance
- EFTA Working Group on Financial Services
- Nordic-Baltic Macroprudential Forum
- Nordic-Baltic Stability Group
- Nordisk samarbeid
- Financial Stability Board (FSB), Regional Consultative Group for Europe
- Financial Action Task Force (FATF) – internasjonalt samarbeidsforum for tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering, med sekretariat i OECD
- FinCoNet, Financial Consumer Network
- LEI ROC, Regulatory Oversight Committee, Global Legal Entity Identifier (LEI) System
- Integrated Financial Supervisors Conference – årleg konferanse

Bank og finans

- European Banking Authority (EBA) – den europeiske banktilsynsmyndigheita
- Basel Consultative Group – Baselkomiteen
- Macroprudential Supervision Group – Baselkomiteen

Forsikring og pensjon

- European Insurance and Occupational Pensions Authority (EIOPA) – den europeiske tilsynsmyndigheita for forsikring og tenestepensjon
- International Association of Insurance Supervisors (IAIS) – den internasjonale organisasjonen for forsikringstilsyn
- International Forum of Insurance Guarantee Schemes (IFIGS) – Finanstilsynet deltek som sekretariat for garantiordninga for skadeforsikring

Verdipapirområdet


- European Securities and Markets Authority (ESMA) – den europeiske verdipapir- og marknadstilsynsmyndigheita
- International Organization of Securities Commissions (IOSCO) – den internasjonale organisasjonen av verdipapirtilsyn
- Enlarged Contact Group on Supervision of Collective Investment Funds (ECG) – den utvida kontaktgruppa for tilsyn med kollektive investeringsfond

Revisjon

- Committee of European Auditing Oversight Bodies (CEAOB) – samarbeid mellom revisortilsynsmyndigheitene i EØS
- International Forum of Independent Audit Regulators (IFIAR) – internasjonalt forum for revisortilsyn

IKT-tilsyn

- European Banking Authority (EBA) – arbeidsgrupper
 - European Central Bank, SecuRe Pay (retail payment security)
 - Information Technology Supervision Group (ITSG) – globalt tilsynssamarbeid om IKT-risiko i finanssektoren
 - Financial Information Sharing and Analysis Center (FI-ISAC) – forum der banksektoren, påtalemyndigheitene og IKT-beredskapsgrupper (CERTs) deler informasjon om nettkriminalitet i finanssektoren
-



ÅRETS AKTIVITETER OG RESULTATER

Måloppnåelse

Rapport fra tilsynsområdene

- Bank og finans
- Tilsyn med IKT og betalingstjenester
- Forsikring og pensjon
- Verdipaprområdet
 - Infrastruktur
 - Markedsatferd
 - Verdipapirforetak
 - Fond og kollektive investeringer
 - Prospektkontroll – omsettelige verdipapirer
 - Regnskapstilsyn – noterte foretak
- Revisjon
- Regnskapsførervirksomhet
- Eiendomsmegling
- Inkassovirksomhet
- Tiltak mot kvitvasking
- Forbrukarvern
- Aktuelle tema
 - Fintech
 - Folkefinansiering
 - Berekraftig finans – klimarisiko
 - Brexit



ÅRETS AKTIVITETER OG RESULTATER

Måloppnåelse

Finanstilsynet har tilsyn med en rekke foretak og markeder. Den løpende ressursbruken innenfor de ulike tilsynsområdene vil variere med utviklingen i markedene og rammevilkårene for foretakene nasjonalt og internasjonalt. Finanstilsynet utarbeider årlig en plan for virksomheten der tiltak og oppgaver blir utarbeidet for hvert delmål fra strategien. De prioriterte oppgavene til Finansdepartementet blir også dekket av tiltakene og oppgavene.

Finanstilsynets strategi 2015–2018 inneholder hovedmål og delmål. Nærmere mål for virksomheten i det enkelte året er fastsatt i tildelingsbrevet fra Finansdepartementet.

Målene er hovedsakelig kvalitative effektmål for foretak og markeder under tilsyn. Måloppnåelsen vil avhenge av flere beslutningstakere og forhold enn virkemidlene som blir forvaltet av Finanstilsynet.

Gjennomføringen av de enkelte tiltakene og oppgavene som er beskrevet i virksomhetsplanen, er et viktig grunnlag for å vurdere måloppnåelsen. Dette blir omtalt i en egen rapport til Finansdepartementet. Finanstilsynet gjennomførte hovedsakelig tiltakene og oppgavene som var planlagt for 2018.

Bank og finans

Bankene er sentrale for hele økonomien som tilbydere av finansiering, betalingstjenester og spareløsninger. Regulering er viktig for å bidra til finansiell stabilitet og tillit til det finansielle systemet. Tilsynet med bank- og finanssektoren skal bidra til solide og likvide foretak som har god risikobevissthet, styring og kontroll. Finansielle tjenester skal ytes etter gjeldende regelverk til det beste for samfunnet og brukerne.

Utviklingstrekk

Oppgangen i verdensøkonomien fortsetter, men veksten er dempet, og det er store forskjeller mellom land. Flere sentralbanker har hevet styringsrenten, og de lange rentene har økt noe, men fra svært lave nivåer. Aksjekursene falt i løpet av høsten 2018 fra et høyt nivå. Rekordlave renter over lang tid har bidratt til økt gjeldsbelastning og høye eiendomspriser i flere land. Samtidig er risikopremiene lave og aksjekursene høye. Mange land, foretak og husholdninger er ekstra sårbare for høyere risikopremier og økte renter. Internasjonal handel kan rammes av økt proteksjonisme, og det er betydelig usikkerhet knyttet til utviklingen i både økonomi og finansmarkeder når rentene etter hvert vil øke.

Det har vært god vekst i norsk fastlandsøkonomi siden høsten 2016. Dette kan i stor grad tilskrives oppsvinget i internasjonal økonomi, lave renter, bedret konkurransevne og høyere oljepris. Ekspansiv finanspolitikk har også gitt betydelig stimulans. Den kraftige nedgangen i oljeinvesteringene som fulgte etter oljeprisfallet i 2014, er snudd til oppgang. Sysselsettingen øker, og arbeidsledigheten har avtatt til et lavt nivå.

Boligpriser og husholdningsgjeld i Norge er på historisk høye nivåer. Dette skyldes blant annet god tilgang til kreditt til lav rente. Husholdningenes gjeldsvekst har i flere år vært vesentlig høyere enn inntektsveksten, slik at gjeldsbelastningen er høyere enn noen gang. Det er fare for at husholdningenes gjeld vil fortsette å vokse raskere enn den disponible inntekten de nærmeste årene. Gjeldsbelastningen vil i så fall øke ytterligere. Husholdningene er sårbare for inntektsbortfall og renteøkning. Høy gjeldsbelastning innebærer at selv en relativt moderat oppgang i rentene vil føre til betydelig høyere rentebelastning. Ettersom det er flytende rente på det meste av gjelden, vil en renteøkning nesten umiddelbart redusere husholdningenes disponible inntekt.

Veksten i forbrukslån, det vil si utlån uten pantessikkerhet til personkunder, er fortsatt høy. Det er en risiko for at økonomisk utsatte husholdninger tar opp forbrukslån med høy rente som de senere ikke vil være i stand til å betjene. Dette kan føre til store personlige belastninger for den enkelte låntaker og til både utlånstap og tap av omdømme for bankene.

De senere årene er det gitt konsesjon til flere banker som konsentrerer seg om enkelte nisjer av markedet, hovedsakelig forbrukslånemarkedet og markedet for utlån til små og mellomstore bedrifter. Flere av disse satser på utlån som innvilges på dagen basert på elektronisk lånesøknad og automatisert kredittvurdering. Det må antas at konkurransen om kundene i disse markedene vil øke framover, også som følge av inntreden av utenlandske aktører. Med økt konkurranse og større vekt på kortsiktig avkastning blant investorene er det fare for at standarden for kredittgivning svekkes.

Prisene på næringseiendommer av god kvalitet og med sentral plassering har steget mye over flere år, særlig i Oslo-regionen. Eiendomsselskapene har betydelig bankfinansiering. I den siste tiden har en større andel av finansieringen skjedd ved å utstede obligasjoner, mens andelen banklån er noe redusert. Bankenes utlån til næringseiendomsselskaper utgjør imidlertid fortsatt om lag 40 prosent av bedriftsmarkedsporteføljen. Høyere rentenivå vil svekke inntjeningen i eiendomsselskapene og samtidig redusere verdien av kreditorenes pantsikkerhet. Risikoen for tap på utlån til disse selskapene vil dermed øke.

Klimaendringer og overgang til et lavutslippssamfunn innebærer risiko for finansnæringen. Det er en sammenheng mellom klimarisiko og kreditt-, motparts- og markedsrisiko ved at lønnsomheten ved enkelte typer virksomhet eller verdien på aktiva påvirkes av klimaendringer. Klimarisiko kan også påføre foretakene omdømmerisiko dersom investorer og kunder stiller spørsmål ved foretakenes profil og forretningsmodell. Klimarisiko er særlig relevant for skadeforsikring, utlånsvirksomhet og kapitalforvaltning.

Tilsyn, overvåking og kontroll

Overvåking og analyser

Finanstilsynet gjennomfører regelmessige analyser av utviklingen i finansnæringen, markedene og realøkonomien. Det blir utarbeidet analyser av soliditets- og likviditetssituasjonen i banker og kredittforetak og av resultatutviklingen i finansieringsforetak, kredittforetak, enkeltbanker og banksektoren som helhet. Hovedresultatene av analysene oppsummeres i pressemeldinger eller offentlige rapporter. I tillegg utarbeider tilsynet analyser av soliditets- og likviditetssituasjonen i banker og kredittforetak. Offentlige versjoner av analysene er tilgjengelige på Finanstilsynets nettsted. I arbeidet med makroovervåking legges det vekt på både den risikoen som bankene står overfor som følge av den makroøkonomiske utviklingen, og risikoen som bankene samlet kan påføre det finansielle systemet og økonomien. Hver vår og høst publiserer Finanstilsynet analyser av utviklingen i realøkonomien, markeder og finansforetak og andre utviklingstrekk som kan utgjøre en risiko for finansiell stabilitet i Norge. I 2018 ble analysene publisert i juni- og desemberutgavene av rapporten *Finansielt utsyn*.

Rapportering

For å sikre en tett oppfølging av utviklingen i finansforetak og finansmarkeder er Finanstilsynet avhengig av innrapporterte data fra finansforetakene. Alle banker, kredittforetak og finansieringsforetak i Norge rapporterer regnskapsinformasjon til finansdatabasen «Offentlig regnskapsrapportering fra banker, kredittforetak og finansieringsforetak» (ORBOF) som er et samarbeid mellom Finanstilsynet, Norges Bank og Statistisk sentralbyrå. I tillegg rapporterer kredittinstitusjonene soliditets- og likviditetsinformasjon mv. til Finanstilsynet med bakgrunn i EUs kapitaldekningsdirektiv (CRD IV) og -forordning (CRR). Finanstilsynet innhenter også rapportering fra sparebank- og finansstiftelser, betalingsforetak og e-pengeforetak.

CRD IV-rapporteringen, som er en fullharmonisert rapportering i EU, ble innført i Norge i 2014. I tillegg til kapitaldekningsrapportering omfatter den blant annet rapportering av regnskapstall, likviditet, store engasjementer, uvektet kjernekapitalandel (leverage ratio) og sikkerhetsstille eiendeler. Rapporteringskravene er i stadig endring, samtidig som det også kommer til nye rapporteringsområder. Dette krever kontinuerlig tilpasning og videreutvikling av rapporteringsmaterialet og innrapporteringssystemene.

De siste årene har de felles europeiske tilsynsmyndighetene i økende grad innhentet informasjon om utviklingen i de enkelte landenes finansmarkeder. Informasjonen benyttes av den europeiske banktilsynsmyndigheten (EBA), både i egen tilsynsvirksomhet og i viderefremidlingen av informasjon til det europeiske rådet for systemrisiko (ESRB). Finanstilsynet henter inn data for norske finansforetak og har ansvaret for å rapportere videre til EBA.

Fakta

Ved utgangen av 2018 hadde 126 banker, 33 kredittforetak og 28 finansieringsforetak konsesjon til å drive virksomhet i Norge. I tillegg var det tolv filialer i utlandet av norske kredittinstitusjoner og 35 filialer i Norge av utenlandske kredittinstitusjoner. Videre hadde 32 sparebankstiftelser og én finansstiftelse, 16 betalingsforetak og seks e-pengeforetak konsesjon ved utgangen av året.

Det blir gjennomført løpende beregningsstudier i regi av EU, der også norske foretak deltar. Formålet med studiene er å vurdere effekten av nytt regelverk og avdekke om det bør foretas endringer eller gis overgangsregler.

Soliditet og lønnsomhet i norske banker

De norske bankene oppnådde gode resultater i 2018. Bankenes samlede resultat før skatt i forhold til gjennomsnittlig forvaltningskapital (GFK) økte fra 1,2 prosent i 2017 til 1,3 prosent i 2018. Dette var en bedring av egenkapitalavkastningen fra 11,4 prosent til 11,5 prosent.

Den viktigste forklaringen på resultatforbedringen i 2018 var økte netto renteinntekter. Denne økningen kom til tross for noe lavere utlånsmarginer enn året før. En fortsatt sterk vekst i forbrukslån, med til dels svært høye utlånsrenter, bidro også til å øke bankenes samlede netto renteinntekter. Lav vekst i driftskostnader bidro også til å holde bankenes lønnsomhet oppe. Betydelige tilbakeføringer av tidligere utlånstap, særlig i enkelte større banker, bidro til at samlede tap på utlån tilsvarte kun 0,08 prosent av utlånsvolumet, noe som var en halvering fra året før. Utlånsveksten til personkunder sank svakt gjennom fjoråret og var 6,0 prosent ved utgangen av 2018. Veksten i forbrukslån på 10 prosent var fremdeles betydelig høyere enn for totale utlån til personkunder, til tross for en forsiktig reduksjon i vekstraten det siste året.

Soliditeten i norske banker er styrket de siste årene. Gode resultater gjennom flere år har bidratt til at bankene i stor grad har kunnet tilfredsstille økte krav til kapital gjennom tilbakeholdte overskudd. Ved utgangen av 2018 var bankenes samlede rene kjernekapitaldekning på 16,2 prosent, som var samme nivå som året før. Uvektet kjernekapitalandel var 7,9 prosent, som var 0,1 prosentpoeng høyere enn ved utgangen av 2017. Se omtale på side 32 om forventede endringer i kapitaldekningsregelverket i 2019 som følge av at CRR / CRD IV tas inn i EØS-avtalen.



Likviditetsovervåking

Aktiviteten i bransjen har vært stabil de siste årene. Det ble rapportert 158 514 eiendomsformidlinger i 2017, om lag 4 prosent færre enn året før. Antall formidlinger i første halvår 2018 var 82 310, omtrent likt med første halvår 2017. Ved utgangen av første halvår 2018 besto eiendomsmeglingsforetakene av 5696 årsverk.


Regnet i prosent av kjøpesum steg meglers vederlag noe, fra omtrent 1,6 prosent i første halvår 2017 til omtrent

1,8 prosent i første halvår 2018. Meglers gjennomsnittlige vederlag økte fra 54 549 kroner i 2016 til 61 845 kroner i 2017.

Bankene spiller en sentral rolle ved boligomsetning i Norge. Bankene bidrar til finansieringen av boligkjøp og er i mange tilfeller eier av eiendomsmeglingsforetak eller har et nært kommersielt samarbeid med eiendomsmeglingsforetak for å kunne distribuere lån og andre banktjenester.

Figur 6: Antall årsverk i eiendomsmeglingsforetak

Kilde: Finanstilsynet



* Antall årsverk for 2018 er tall for første halvår.

Tilsyn, overvåking og kontroll

Finanstilsynet mottar regelmessig tips og henvendelser om mulige lovbrudd i bransjen. I tillegg mottar tilsynet opplysninger gjennom virksomhetenes rapportering. Sammen med erfaring fra tidligere tilsyn danner dette grunnlaget for en risikobasert utvelgelse av hvilke virksomheter som skal følges opp nærmere av tilsynet. I likhet med foregående år var oppmerksomheten også i 2018 rettet mot advokater og mindre eiendomsmeglingsforetak. Finanstilsynets erfaring fra 2018 tilsier en tilsvarende prioritering for tilsynsvirksomheten i 2019.

I 2018 ble det gjennomført 21 stedlige tilsyn. 17 av disse var hos eiendomsmeglingsforetak, mens fire var hos advokater. Sentrale kontrollområder var forvaltning og kontroll med klientmidler, risikostyring og internkontroll og etterlevelse av hvitvaskingsregelverket. I tillegg ble det gjennomført flere dokumentbaserte tilsyn med eiendomsmeglingsforetak, advokater og enkeltmeglere. Dessuten ble en rekke tips om brudd på eiendomsmeglingsregelverket undersøkt og fulgt opp.

Fakta

Antall foretak med tillatelse til å drive eiendomsmegling har vært relativt stabilt de siste årene.


Ved utgangen av 2018 var det registrert 506 foretak, mot 510 i 2017.

Antall filialer var 592 ved utgangen av 2018, sammenlignet med 586 ved utgangen av 2017.

I alt ble det drevet eiendomsmegling i totalt 1098 meglingskontorer i Norge ved utgangen av 2018, mot 1096 kontorer på samme tidspunkt året før. I tillegg var 1056 advokater registrert med eiendomsmegling i egen praksis, mot 1160 ett år tidligere. Mange av advokatene tar imidlertid kun sporadisk på seg eiendomsmeglingsoppdrag og/eller oppgjørsoppdrag. Basert på innrapporterte omsetningstall for 2017 hadde bare 270 advokater ti eller flere formidlinger og/eller oppgjørsoppdrag i løpet av året.

Figur 7: Markedsandeler (antall formidlinger) – tall for første halvår 2018

Kilde: Finanstilsynet





Våren 2018 undersøkte Finanstilsynet advokatenes etterutdanning for perioden 2016–2017. I rapporteringsoppgaven for 2017 ble advokatene for første gang bedt om å opplyse om antall gjennomførte etterutdannings-timer. Undersøkelsen omfattet i alt 1090 advokater. Rapporteringen viste at 167 advokater ikke oppfylte kravet på 15 timer etterutdanning for denne perioden. 111 av disse hadde fem eller færre etterutdannings-timer, og de fikk varsel om at Finanstilsynet vurderte å forby dem å drive eiendomsmegling. Noen av disse sannsynliggjorde i sitt svar til varslet at etterutdannings-reglene likevel ikke var brutt, mens andre dokumenterte sykdom eller andre særlige omstendigheter som førte til at Finanstilsynet ikke fant grunn til nedlegge forbud mot framtidig eiendomsmevlingsvirksomhet. 41 advokater fikk forbud mot å drive eiendomsmevlingsvirksomhet. 13 av disse klaget på tilsynets vedtak. Finanstilsynet omgjorde fem av vedtakene, mens de åtte øvrige ble fastholdt og oversendt Finansdepartementet for behandling.

I tillegg til disse forbudsvedtakene ble det i 2018 tilbake-kalt totalt ti tillatelser på grunn av grove eller gjen-tatte overtredelser. Dette gjaldt to foretakstillatelser, én meglertillatelse og sju advokaters rett til å drive eiendomsmevlingsvirksomhet. Tilsynet varslet i tillegg én eiendoms-megler og én advokat om mulig tilbakekall av retten til å drive eiendomsmevlingsvirksomhet i slutten av 2018. Ett foretak ble pålagt å utpeke en ny fagansvarlig person.

Grunnlaget for tilbakekallet av foretakstillatelsen var mangler i risikostyringsarbeidet, manglende kontroll over klientmidler, overtredelse av egenhandelsforbudet og manglende ivaretagelse av boligkjøpere. Meglerens personlige tillatelse ble tilbakekalt fordi megleren med-virket til å etablere ulovlige lån fra utbygger til kjøpere i et boligprosjekt og til å gi banken feilaktige opplysninger om låntakernes egenkapital.

To av sakene som gjaldt advokater, var resultat av gjennomført tilsyn med oppgjørsvirksomheten hos to advokater med tilknytning til den såkalte Boligbygg-saken i Oslo. De øvrige sakene som gjaldt advokater, dreide seg om systematisk og manglende etterlevelse av regelverket, blant annet manglende kontroll på klientmidler.

I 2018 sendte Finanstilsynet åtte klagesaker på eiendomsmevlingsområdet til Finansdepartementet. Seks av sakene gjaldt tilbakekall av tillatelser, én gjaldt avslag på søknad om tillatelse og én gjaldt klage på vedtak om avvisning. Finansdepartementet stadfestet Finanstilsynets vedtak om avvisning, mens én klage på tilbakekall ble trukket. Øvrige saker var ved utgangen av 2018 fortsatt til behandling i Finansdepartementet.

Forvaltning

I 2018 ga Finanstilsynet 31 foretak tillatelse til å drive eiendomsmevlingsvirksomhet. I disse sakene og ved endringer i foretakenes ledelse og styrer gjennomførte Finanstilsynet i tillegg en rekke egnethetsvurderinger. Her ble personenes kvalifikasjoner, yrkeserfaring og tidligere atferd vurdert. I tillegg ble det i 2018 gitt 275 personlige tillatelser til å drive eiendomsmevlingsvirksomhet. Betydelige ressurser går med på å besvare henvend-elser fra publikum, både skriftlig og over telefon. Henvendelsene gjelder et vidt spekter av temaer, fra påstander om brudd på regelverket fra enkeltforetak eller -meglere til generelle spørsmål rundt forståelsen av regelverket knyttet til kjøp og salg av fast eiendom.



Regelverksutvikling

Enkelte endringer i eiendomsmeglingsloven trådte i kraft med virkning fra 1. januar 2018. Endringene omfattet reglene om etablering av filialer, melding til Finanstilsynet om endringer i ledelsen, bruk av elektronisk kommunikasjon og elektroniske medier og eiendomsmeglernes tittelbruk.

Tidligere måtte etablering av filialer godkjennes av Finanstilsynet på forhånd, mens det nå er tilstrekkelig å varsle Finanstilsynet om filialetableringen. Videre kan endringer i foretakets ledelse nå meldes til Finanstilsynet etter at endringen har skjedd. Eiendomsmeglingsforetak er flere steder i loven pålagt å gi opplysninger skriftlig. I loven gjøres det nå klart at slike opplysninger kan gis elektronisk hvis mottakeren ønsker det. I tillegg kan avtalen mellom megler og selger, eller kjøpekontrakten mellom selger og kjøper, inngås elektronisk dersom enkelte vilkår er oppfylt. Det er også gjort forenklinger i reglene om tittelbruk. Alle som oppfyller vilkårene til å være ansvarlig megler, kan nå benytte tittelen «eiendomsmegler».

Finanstilsynet tok i rundskriv 3/2018 opp forholdet mellom meglers taushetsplikt etter eiendomsmeglingsloven og plikten til å gi skattemyndighetene opplysninger etter skatteforvaltningsloven. Ligningsloven inneholdt tidligere regler om tredjeparters plikt til å gi opplysninger til ligningsmyndighetene, som gikk foran eiendomsmeglernes taushetsplikt. Finanstilsynet publiserte i 2014 et rundskriv om dette. Ligningsloven ble opphevet da skatteforvaltningsloven trådte i kraft i 2017. Tilsvarende bestemmelser ble videreført i skatteforvaltningsloven. Det nye rundskrivet i 2018 erstattet rundskrivet fra 2014.

Sommeren 2018 sendte Finanstilsynet brev til Finansdepartementet med forslag om å erstatte kravet om godkjenning av etterutdanningskurs med et krav om at kursarrangører skal melde inn alle kurs til Finanstilsynet. Som følge av dette ble det også foreslått strengere krav til dokumentasjon av etterutdanning. Bakgrunnen for forslaget er at Finanstilsynet bruker uforholdsmessig store ressurser på å behandle slike søknader, og at kursarrangørene selv er i god stand til å vurdere hva som er relevant etterutdanning. Finanstilsynet foreslo i samme brev å utvide kravet til etterutdanning til også å omfatte medhjelpere som arbeider med oppgjør. Utkast til høringsnotat med forslag til endringer i eiendomsmeglingsforskriften var vedlagt brevet, som ved utgangen av 2018 fortsatt var til behandling i Finansdepartementet.

Inkassovirksomhet

Tilsynet med inkassovirksomhet omfatter foretak med bevilling til å inndrive forfalte pengekrav for andre (fremmedinkasso) og foretak som kjøper opp forfalte pengekrav og selv driver inn disse (oppkjøps- og egeninkasso). Tilsynet med inkassoforetak omfatter kontroll av at foretakene følger god inkassoskikk og ikke benytter inkassometoder som utsetter noen for urimelig press, skade eller ulempe. I praksis innebærer dette blant annet at Finanstilsynet kontrollerer om foretakene følger de relativt detaljerte reglene i lov og forskrift for hvordan krav skal framsettes og om salær som avkreves skyldner, er korrekte. Kontroll av klientmiddelbehandlingen er sentralt i tilsynet, i tillegg til foretakets etterlevelse av risikostyringsforskriften.

Utviklingstrekk

Inndrivelsesprosessene har som følge av den teknologiske utviklingen i stor grad blitt helautomatisert og langt mer effektive i forhold til tidligere. Kombinert med et relativt sterkt kreditorvern i norsk rett har dette ført til at inkassoforetakene har fått en stadig større rolle i forbindelse med både utenrettslig og rettslig innkreving av forfalt gjeld.

Flere konsern med store inkassoforetak har de senere årene etablert finansieringsforetak som kjøper opp porteføljer av misligholdte lån fra bankene. Finansieringsforetak har i medhold av inkassoloven adgang til selv å inndrive oppkjøpte krav uten særskilt inkassobevilling. Ved slik inndrivelse av egne krav (egeninkasso) er erstatningsbeløpet som kan avkreves skyldner, et mindre, fast beløp, uavhengig av kravets størrelse. I mange tilfeller benytter finansieringsforetaket

Fakta

Antall foretak med bevilling til å drive inkassovirksomhet har i mange år ligget på samme nivå. Ved utgangen av 2018 hadde 101 fremmedinkassoforetak og åtte foretak bevilling til å drive virksomhet med oppkjøp av forfalte pengekrav for selv å drive inn disse.

imidlertid inkassoforetak til å inndrive oppkjøpte krav (fremmedinkasso). Ved slik inndrivelse kan inkassoforetaket avkreve skyldner erstatningsbeløp som er vesentlig høyere enn ved egeninkasso.


Tabell 13: Samlet gjeld til inndrivelse (i milliarder kroner)

Kilde: Finanstilsynet

	2014	2015	2016	2017	2018
Fordringsmasse til inndrivelse	69,2	72,3	76,9	83,1	91,5
Opprinnelig gjeldsbeløp / hovedstol (i milliarder kroner)	41,8	42,8	45,8	50,3	56,5
Antall nye inkassosaker	7 054 000	7 463 000	7 854 000	8 629 000	9 700 000
Antall avsluttede inkassosaker	6 748 000	7 134 000	7 457 000	8 274 000	9 500 000
Antall inkassosaker til behandling	4 321 000	4 490 000	4 845 000	5 050 000	5 400 000
Samlet innkasserte midler (i milliarder kroner)	25,8	27,6	29,7	31,0	35,2

Figur 8: Saker fordelt på gjeldstyper per 31.12.2018

Kilde: Finanstilsynet



Mens innkasserte midler i første halvår 2017 utgjorde 16 milliarder kroner, økte dette med 11,5 prosent til 17,8 milliarder kroner i første halvår 2018. I samme periode mottok inkassoforetakene 5,2 millioner nye saker, en økning på 16,9 prosent (759 968 saker) sammenlignet med første halvår 2017. Per 30. juni 2018 var det i overkant av 5,3 millioner inkassosaker til behandling, som var en oppgang på 8,2 prosent sammenlignet med utgangen av første halvår 2017. Inkassosaker til behandling representerte misligholdte forpliktelser på 89 milliarder kroner. Av dette utgjorde opprinnelig gjeldsbeløp (hovedstolen) 55 milliarder kroner, hvorav 27,8 milliarder kroner var knyttet til saker som ble registrert hos inkassoforetakene mer enn 18 måneder tidligere. Litt mer enn én av tre nye saker de siste årene er blitt avsluttet før inkassator sender betalingsoppfordring, et kravbrev som normalt blir sendt 30–45 dager etter at betalingsfristen i faktura er oversittet.

Et fåtall foretak dominerer inkassobransjen. De ti største inkassoforetakene har hatt en stor samlet andel av inkassomarkedet i lengre tid. Basert på tall fra foretakenes rapportering per 30. juni 2018, hadde de ti største foretakene 86 prosent av markedet målt i fordringsmasse til inndrivelse.


Tilsyn, overvåking og kontroll

Ved stedlige tilsyn går Finanstilsynet gjennom inkassoforetakenes generelle saksbehandlingsrutiner for inndrivelsesprosessen, rutiner for behandling av klientmidler og foretakets etterlevelse av risikostyringsforskriften. Saksbehandling blir normalt kontrollert på stikkprøvebasis. Inkassolovgivningen er i stor grad utformet for å ivareta hensynet til forbrukerne. I Finanstilsynets tilsynsvirksomhet blir det derfor lagt stor vekt på å kontrollere de delene av inkassovirksomheten som har betydning for den enkelte forbrukerskyldneren.

Finanstilsynet mottar regelmessig tips og henvendelser om mulige lovbrudd i bransjen, i hovedsak fra skyldnere, Forbrukerrådet, Forbrukertilsynet, Finansklagenemnda samt forliksråd og namsmyndigheter. I tillegg får Finanstilsynet opplysninger gjennom virksomhetenes rapportering. Sammen med erfaring fra tidligere tilsyn danner dette grunnlaget for en risikobasert utvelgelse av hvilke virksomheter som skal følges opp nærmere.

Figur 9: Inkassosaker knyttet til forbrukslån fordelt på aldersgrupper

Kilde: Finanstilsynet



I 2018 ble det gjennomført fire stedlige tilsyn. I likhet med de siste årene var oppmerksomheten i 2018 særlig rettet mot å kontrollere foretakenes internkontroll og risikostyring. Disse tilsynene avdekket ingen større systematiske og alvorlige avvik hos foretakene. De tidligere årenes tilsynssaker har fått stor oppmerksomhet i bransjen, noe som ser ut til å ha bedret internkontrollen og ført til større oppmerksomhet på risikofaktorer i inndrivelsesprosessen.

I tillegg ble det gjennomført 14 undersøkelser på bakgrunn av tips, hvor Finanstilsynet mottok redegjørelse fra inkassoforetakene i enkeltsaker og fulgte opp foretakene der dette var nødvendig. I ett tilfelle påla Finanstilsynet et inkassoforetak månedlig innsendelse av klientmiddelavstemminger for løpende kontroll. Ingen tillatelser ble tilbakekalt i 2018, verken foretakstillatelser eller personlige tillatelser.

Forvaltning

I 2018 ble det gitt 52 inkassobevillinger til enkeltpersoner eller foretak. En søknad om foretakstillatelse ble avslått fordi ledelsen – basert på tidligere tilsynserfaring – ikke ble ansett egnet. Finanstilsynet mottok også en rekke henvendelser fra publikum, både skriftlig og over telefon. Henvendelsene gjaldt hovedsakelig påstander om brudd på god inkassoskikk og inkassokravenes rettmessighet.

Regelverksutvikling

Høsten 2017 sendte Finanstilsynet brev til Justis- og beredskapsdepartementet med forslag om at inkassoloven bør revideres. Departementet oppnevnte i oktober 2018 en arbeidsgruppe som skal se på nærmere angitte problemstillinger i inkassoloven. Arbeidsgruppen er satt sammen av representanter fra departementet, Forbrukerrådet, Finans Norge, Virke Inkasso og Finanstilsynet. Gruppen skal utarbeide en rapport som skal sendes departementet innen 1. januar 2020, og som deretter skal sendes på høring.

I 2018 publiserte Finanstilsynet ett rundskriv på inkassoområdet. Rundskriv 1/2018 oppsummerer Finanstilsynets uttalelser om kravene til varsling og sammenslåing av krav. Hovedregelen er at kravene skal slås sammen før betalingsoppfordring sendes når inkassator får oversendt to eller flere krav fra samme fordringshaver mot samme skyldner, og kravene er på samme stadium i innfordringsprosessen. Rundskrivet redegjør for enkelte unntak fra denne hovedregelen og for inkassators plikt til å slå sammen krav hvis det er forhold hos skyldneren som tilsier manglende betalingsevne som ikke er forbigående.

Tiltak mot kvitvasking

Generelt

Formålet med kvitvasking er å skjule opphavet til utbytte frå straffbare handlingar. Kvitvasking er kjenneteikna ved at slikt utbytte blir integrert i den lovlege økonomien og dermed ser legitimt ut. Finansiering av terror er medverknad til ei terrorhandling eller medverknad til å bevare ein terrororganisasjon. Mange av dei som er rapporteringspliktige etter kvitvaskingsregelverket, er under tilsyn av Finanstilsynet.

Føretak under tilsyn skal førebyggje og avdekkje forhold som har tilknytning til utbytte av straffbare handlingar eller terrorfinansiering. Finanstilsynet følgjer opp etterlevinga av kvitvaskingsregelverket som del av ei rekkje stadlege og dokumentbaserte tilsyn på alle tilsynsområda.

Slik følgjer Finanstilsynet opp føretaka

Bankar

I 2018 undersøkte Finanstilsynet om bankane etterlever kvitvaskingsregelverket ved alle generelle, stadlege tilsyn og ved tematisyn med bankar som tilbyr forbrukslån. I tillegg blei det gjennomført spesialtilsyn om kvitvasking og terrorfinansiering i SpareBank 1 Nord-Norge, SpareBank 1 SR-Bank og SpareBank 1 SMN. Det var òg eit eige oppfølgingstilsyn i DNB Bank ASA. På spesialtilsyna blei mellom anna korrespondentkontaktane til bankane og transaksjonsovervakingssystema deira vurderte. Finanstilsynet undersøkte òg korleis den norske filialen av Handelsbanken etterlever kvitvaskingsregelverket. Denne oppfølginga skjedde ved brev til banken og møte med filialleiinga og i tilsynskollegiet.

Her er nokre av forholda som blei tekne opp i fleire av inspeksjonsrapportane:

- Risikovurderingane var mangelfulle og ikkje tilpassa verksemda.
- Det var manglar ved gjennomførte kundetiltak, spesielt av reelle rettshavarar og disponentar, opphavet til midlane og i samband med løpande oppfølging.
- System for elektronisk overvaking av mistenkjelege forhold fungerte ikkje som forventa og tok ikkje omsyn til ikkje-kundespesifikke opplysningar.
- Det mangla risikovurdering og retningslinjer for korrespondent- og respondentbankforhold.
- Styrerapporteringa om etterlevinga av regelverket var mangelfull.

Dei svake sidene som blei avdekte under tilsyn, blei omtalte i dei foreløpige rapportane til Finanstilsynet og i endelege merknader etter tilsyn.

Forsikringsføretak

I 2018 blei det gjennomført eitt stadleg spesialtilsyn i forsikringsføretak på kvitvaskingsområdet. Dette tilsynet dekte SpareBank 1 Forsikring AS og SpareBank 1 Skadeforsikring AS, som inngår i Fremtind Forsikring AS. Rapportane frå tematisynet vil bli ferdigstilte i 2019. I tillegg blei det gjennomført fem ordinære stadlege tilsyn i forsikringsføretak der kvitvasking var eitt av fleire tema. Generelt erfarer Finanstilsynet at fleire føretak har manglar i risikovurderingar, rutinar og opplæring.

Verdipapirføretak

Finanstilsynet gjennomførte tematisyn om kundedokumentasjon og tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering i fem verdipapirføretak i 2018. Dei endelege merknadene vil liggje føre i 2019.

Tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering var òg tema på alle dei tre fullskala stadlege tilsyna som blei gjennomførte i verdipapirføretak i 2018. Finanstilsynet gjekk gjennom dokumentasjon for eit utval kundar hos verdipapirføretaka for å sjå på organiseringa og kontrollfunksjonane og undersøkje kundetiltak og korleis kvitvaskingsregelverket faktisk blir etterlevd.

Finanstilsynet observerer at verdipapirføretaka no legg større vekt på, og er langt meir bevisste på, arbeidet med å førebyggje kvitvasking enn tidlegare. Tilsynet avdekkjer likevel framleis manglar og svake sider når det gjeld risikovurderingar, identifikasjon av reelle rettshavarar, forsterka kontrolltiltak og kor bevisste føretaka er med tanke på identifikasjon og rapportering av mistenkjelege forhold.

Betalingsføretak

Det blei gjennomført to stadlege tilsyn i betalingsføretaka Vipps og Strex i 2018. Etterleving av kvitvaskingsregelverket var eitt av fleire tema. Begge tilsynsrapportane peiker på forbetningspunkt for føretaka.

Eigedomsmekling

I 2018 blei det gjennomført 13 stadlege tilsyn i eigedomsmeklingsføretak og hos advokatar som driv eigedomsmeklingsverksemd der etterlevinga av kvitvaskingsregelverket blei undersøkt. I tillegg blei det gjennomført åtte kvitvaskingstilsyn hos næringsmeklingsføretak. Tilsyna avdekte til dels vesentlege manglar ved etterlevinga. Fleire tilsynseiningar hadde ikkje vurdert risikoen for å bli brukt til kvitvasking, hadde ingen eller svake rutinar for å førebyggje og avdekkje kvitvaskingsforsøk, eller mangla gode rutinar for å kontrollere at regelverket blei følgt.

I 2018 blei manglar ved etterlevinga av kvitvaskingsregelverket omtalte i ti «endelege merknader» til føretaka, og det blei gitt eitt pålegg om retting. Manglar ved etterlevinga av kvitvaskingsregelverket inngjekk òg i åtte vedtak om tilbakekalling av løyve eller forbod mot å drive eigedomsmeklingsverksemd. I 2019 blir rapportane og merknadene etter tematilsynet og to ordinære tilsyn ferdigstilte.

Revisjon og rekneskapsføring

Ordinære stadlege tilsyn i revisjons- og rekneskapsførarselskapa har avdekt at vurderinga av risikoen for at klienten kan vere involvert i kvitvasking, har vore for svak. Dei stadlege tilsyna har jamleg avdekt svake sider ved måten selskapa gjennomfører pliktene sine på etter kvitvaskingsregelverket. Dei svake punkta er knytte både til formelle krav og til den faktiske gjennomføringa av pliktene.

I 2018 ferdigstilte Finanstilsynet ein rapport basert på tematilsyn om kva plikt den oppdragsansvarlege rekneskapsføraren har til å vurdere risiko og kontrollere identiteten til oppdragsgivarane etter kvitvaskingsregelverket.

Tilbydarar av verksemdstenester

Finanstilsynet gir etter søknad autorisasjon til dei som tilbyr verksemdstenester, og fører tilsyn med korleis tilbydarane etterlever regelverket. Finanstilsynet har behandla éin søknad om autorisasjon som tilbydar av verksemdstenester og på førespurnad gitt rettleiing på området.

Nytt kvitvaskingsregelverk og rettleiingar til føretaka

Stortinget vedtok i mai 2018 ei ny kvitvaskingslov. Lova gjennomfører store delar av det fjerde kvitvaskingsdirektivet til EU i norsk rett. Lova inneber at Noreg gjennomfører ei rekkje av dei 40 tilrådingane frå Financial Action Task Force (FATF) om tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering. Lova byggjer på tidlegare norsk lovgiving for å hindre kvitvasking og terrorfinansiering, men utvidar regelverket til nye grupper næringsdrivande, som tilbydarar av speltenester, og skjerpar inn krava på ein del område. Desse områda gjeld kundetiltak, undersøkingar og rapportering, og det krevst at føretak som er rapporteringspliktige og underlagde lova, gjennomfører risikovurderingar og har ei risikobasert tilnærming for å etterleve lova. Lova inneheld òg nye heimlar for å påleggje rapporteringspliktige administrative sanksjonar ved brot på lova. Finanstilsynet utarbeidde i juni 2018 på oppdrag frå Finansdepartementet eit forslag til forskrifter der det blei foreslått nærmare reglar for utanlandske betalingsføretak og at oppbevaringstenester for virtuell valuta og vekslarar mellom vanleg og virtuell valuta skulle vere rapporteringspliktige etter lova, men ikkje vere underlagde tilsyn. Finansdepartementet vedtok forskrifta i oktober 2018. Gjennom forskrifta blei kvitvaskingsreglane utvida til å gjelde for oppbevaringstenester for virtuell valuta og vekslarar mellom vanleg og virtuell valuta, og slik at Finanstilsynet skal føre tilsyn med desse etter kvitvaskingslova.

Finanstilsynet har tilpassa tilsynspraksisen etter det nye regelverket og utarbeider nye rettleiingar til det gjeldande lovverket. Dokumentet «Finansielle sanksjonar: Veiledning om frysbestemmelsene» blei oppdatert i april 2018. Det gir finansføretak og andre rapporteringspliktige informasjon om finansielle restriksjonar i det norske regelverket, som byggjer på sanksjonar frå FNs tryggingråd og restriktive tiltak frå EU.



Rapport fra tilsynsområdene

Forbrukarvern

Forbrukarvern er eit viktig omsyn i utviklinga av regelverket for finansmarknaden og i tilsynet med aktørane som tilbyr finansielle tenester. Regelverksutviklinga og tilsynet skal tryggje interessene til forbrukarane når dei kjøper finansielle tenester.

Endringar i regelverket og i tilsynet med føretak som har som formål å forbetre stillinga til forbrukarane og kundane når dei kjøper finansielle tenester, er ein stadig viktigare del av arbeidet i Finanstilsynet.

Forbrukarvern står sentralt i lovreguleringa av finansmarknaden og i tilsynet med ulike tilbydarar av finansielle tenester innanfor bank-, forsikrings- og verdipapirmarknaden. Solide og likvide finansføretak og velfungerande finansmarknader er grunnleggjande forbrukarinteresser, både for fellesskapet og for enkeltmennesket. Samtidig er det viktig at forbrukarane har eit godt vern når dei kjøper og sel finansprodukt og eigedom, og at dei kan basere avgjerdene sine på god informasjon og nøytral rådgiving.

Finanstilsynet samarbeider mellom anna med Forbrukartilsynet, Forbrukarrådet og Konkurransetilsynet for å betre forbrukarvernet i finanssektoren.

Forbrukarvern er ei viktig oppgåve i finanstilsyna i andre land og i internasjonal verksemd òg, og Finanstilsynet samarbeider nært med dei europeiske tilsynsmyndighetene når nytt forbrukarrelatert regelverk skal utviklast.

Aktuelle forbrukarsaker

Oppfølging av bustadlånforskrifta

Finanstilsynet innhenta i 2018 dei kvartalsvise styre-rapportane om etterleving av bustadlånforskrifta frå 23 bankar og filialar. Rapportane viser prosentdelen innvilga lån som ikkje oppfyller forskriftskrava om beteningsevne, gjeldsgrad, lånegrad eller avdragsbetaling. Sjå omtale på side 29.

Bustadlånundersøkinga 2018

Finanstilsynet undersøker kvart år utlånspraksisen til bankane og korleis dei etterlever bustadlånforskrifta. Bustadlånundersøkinga i 2018 viste ein svak auke i nye bustadlån som går utover grensene i bustadlånforskrifta. Sjå omtale på side 29.

Lånebasert folkefinansiering – forslag til regulering

Finanstilsynet sende i desember 2018 forslag til regulering av folkefinansieringsplattformer til Finansdepartementet. Forslaget vil gjere det tryggare for långivarar og låntakarar å nytte denne finansieringsforma. Finanstilsynet foreslår ei streng regulering av

tilgangen for forbrukarar til å investere gjennom plattformar og vil forby plattformene å tilby forbrukslån. Sjå omtalar på side 31 og 78.

Avvikling av Silver Pensjonsforsikring AS

Administrasjonsstyret i Silver Pensjonsforsikring AS, som Finanstilsynet oppnemnde i 2017, bestemte at interessene til kundane blei best varetekne ved å konvertere fripolisar med avkastingsgaranti til fripolisar med investeringsval og overføre kundane til eit anna livsforsikringsføretak, som blei Storebrand Livsforsikring AS. Sjå omtale på side 39.

Betalingstenestedirektivet

Det reviderte betalingstenestedirektivet (PSD 2) tok til å gjelde i januar 2018 i EU. Det overordna formålet med direktivet er å sikre moderne, effektive og rimelegare betalingstenester og verne kundane. Dei offentleg-rettslege delane av regelverket skal tre i kraft i april 2019. Sjå omtale på side 33.

Tilsyn med investeringsrådgiving

Finanstilsynet gjennomførte ei rekkje tilsyn i verdipapirføretak der det undersøkte kundetesting, opplysningar til kundane og kundekontroll. Sjå omtale på side 50.

Finanstilsynet kalla tilbake konsesjonen til eitt verdipapirføretak etter alvorlege og systematiske brot på krava til god forretningsskikk, krava til testing av om kundar er eigna og til handtering av interessekonfliktar.

Ulovleg investeringstenesteverksemd – pålegg om stans

Finanstilsynet påla fire føretak å stanse ulovleg investeringstenesteverksemd ved sal av aksjar i eigedomsselskap til forbrukarar. Tilsynet melde fem føretak til politiet. Sjå omtale på side 51.

Folkefinansiering – pålegg om stans

Finanstilsynet undersøkte verksemda til eit føretak som tilbyr folkefinansiering, og påla føretaket stans av denne verksemda. Føretaket tilbydde investeringstenester til forbrukarar i samband med investeringar i oppstartsselskap, og det hadde ikkje løyve til slik verksemd. Sjå omtale på side 78.

Publisering av marknadsåtvaringar

Finanstilsynet publiserer marknadsåtvaringar mot føretak som tilbyr investeringstenester utan løyve. Sjå omtale på side 51.



Bruk av referanseindeksar for rente- og kombinasjonsfond

I 2018 gjennomførte Finanstilsynet eit dokumentbasert tematisyn hos eit forvaltningsselskap om bruk av referanseindeksar for norske rente- og kombinasjonsfond. Mange fond nyttar framleis ein av statsobligasjonsindeksane til Oslo Børs som mål for avkastinga til fondet, sjølv om ein større del av porteføljene til fondet blir plassert i renteinstrument med høgare risiko. I likelydande brev til selskapa understreka Finanstilsynet kor viktig det er å bruke relevant referanseindeks og at risikoen og avkastinga til fondet uansett må kunngjerast på ein tydeleg måte.

Marknadsføring av alternative investeringsfond til forbrukarar

Finanstilsynet starta i 2018 eit tematisyn om etterlevinga av krava til god forretningsskikk ved marknadsføring av alternative investeringsfond til forbrukarar. Undersøkinga omfatta tre AIF-forvaltarar og marknadsføring av fleire alternative investeringsfond.

Avgrensingar i tilgangen til å selje CFD-ar og binære opsjonar til forbrukarar

Finanstilsynet fastsette i juni 2018 ei forskrift som avgrensar tilgangen til å marknadsføre, distribuere og selje CFD-ar og binære opsjonar til forbrukarar. Sjå omtale på side 44.

Eigedomsmekling

Finanstilsynet gjennomførte 21 stadlege tilsyn hos eigedomsmeklingsføretak og advokatar i 2018 for å undersøkje korleis dei forvaltar og kontrollerer klientmiddel. Sjå omtale på side 67.

Inkassoverksemnd

Tilsynet med inkassoføretak har eit sterkt innslag av forbrukarvern. Stadlege tilsyn er ein del av Finanstilsynet si løpande oppfølging av inkassobransjen. I 2018 gjennomførte Finanstilsynet fire stadlege tilsyn i inkassoføretak for å undersøkje internkontrollen og risikostyringa til føretaka. Sjå omtale på side 71.

Informasjon og rådgiving til medlemmar av innskotspensjonsordningar

Finanstilsynet har kartlagt informasjonen som blir gitt til medlemmar i innskotspensjonsordningar og eigarar av pensjonskapitalbevis etter innskotspensjonslova. Sjå omtale på side 38.

Tilsyn med forbrukslån i 2018

Låna til dei norske hushalda er i stor grad tekne opp med pant i bustad, men prosentdelen forbrukslån har auka. Forbrukslån kjem i form av ulike produkt og omfattar både kortbaserte lån og andre forbrukslån utan sikring. Den effektive renta varierer mykje, avhengig av lånebeløp og nedbetalingstid, men er gjennomgåande høg. Forbrukslån utan sikring utgjorde i overkant av 3 prosent av dei samla låna i norske hushald ved utgangen av 2018. Likevel utgjør renteutgifter på forbrukslån ein svært stor del dei samla renteutgiftene til hushalda – større enn den delen av den samla gjelda som forbrukslån utgjør.

Finanstilsynet har fastsett retningslinjer for forsvarleg utlånspraksis for forbrukslån, sjå rundskriv 5/2017. Retningslinjene stiller krav til mellom anna betenings-evne, maksimal samla gjeldsgrad og avdragsbetaling. Dei skal bidra til forbrukarvern ved å redusere faren for at lånekundar tek på seg gjeld som dei ikkje er i stand til å betene, og dei skal bidra til solide finansføretak og tillit til finansnæringa. Retningslinjene gjeld for norske finansføretak og filialar av utanlandske finansføretak, og dei omfattar usikra kreditt, inkludert kreditt knytt til kreditt- og betalingskort.

I 2018 undersøkte Finanstilsynet korleis finansføretaka etterlever retningslinjene. Undersøkinga viste at bankar og andre finansføretak ikkje hadde følgd opp retningslinjene godt nok. Finanstilsynet foreslo derfor i august 2018 at retningslinjene skulle fastsetjast som forskrift. Finansdepartementet fastsatte i februar 2019 ei forskrift som tok utgangspunkt i forslaget til Finanstilsynet. Forskrifta gir føretaka ei avgrensa moglegheit til å gjere unntak frå krava til utlånspraksis. Forskriftsregulering av utlånspraksisen vil bidra til eit betre forbrukarvern gjennom redusert risiko for at folk tek opp lån dei seinare ikkje vil vere i stand til å betene.

Redusert risiko for utlånstap vil òg bidra til solide finansføretak. Forskrifta vil omfatte alle føretak som tilbyr forbrukslån i den norske marknaden. Dette gjeld òg føretak som driv grensekryssande verksemd i Noreg.

Forskrifta krev mellom anna at lånsøklarane skal vurderast på grunnlag av utfyllande informasjon om inntekter og alle relevante utgifter. Dersom kunden ikkje har nok midlar til å dekkje normale utgifter til livsopphald etter ein renteauke på 5 prosentpoeng på den samla gjelda, eller dersom den samla gjelda utgjør meir enn fem gonger årsinntekta, skal ikkje føretaket gi kunden lån. Låneavtalen skal innehalde krav om avdragsbetaling som medfører at kreditten skal nedbetalt på fem år.

Tilsyn med føretak som hovudsakeleg tilbyr forbrukslån

I 2018 gjennomførte Finanstilsynet stadlege tilsyn i bankar der forbrukslån er ein hovuddel av verksemda. Tilsyna viste at bankane i større eller mindre grad overvurderer kundane si beteningssevne. Finanstilsynet kartlegg òg regelmessig verksemda til eit utval bankar og finansieringsføretak som driv med forbruksfinansiering. I 2018 innhenta tilsynet tal frå 29 føretak som dekkjer hovuddelen av den norske marknaden. Sjå omtale på side 28.

Konsesjon til gjeldsinformasjonsføretak

Barne- og likestillingsdepartementet gav i 2018 konsesjon til tre føretak til å drive verksemd som gjeldsinformasjonsføretak: Gjeldsregisteret AS, Norsk Gjeldsinformasjon AS og Experian Gjeldsregister AS. Kundane, bankane og andre finansføretak vil no få betre oversikt over forbruksgjelda til kundane, og føretaka vil få betre grunnlag for å vareta kundane sine interesser og hindre at den enkelte kunden tek opp større lån enn han kan betene. Finanstilsynet skal føre tilsyn med desse føretaka.

Aktuelle tema

Fintech

Finansnæringa er i konstant endring, og det er venta at fleire nye aktørar etablerer seg med tenester i finanssektoren. Finansnæringa har lege langt framme når det gjeld IKT-bruk og har lenge brukt nye, avanserte løysingar og ny teknologi.

Fintech er eit omgrep som omfattar teknologisk utvikling som leier til nye produkt og nye tenester i finansnæringa. Det er samtidig ein del av den generelle digitaliseringa i samfunnet, og utviklinga kan endre korleis vi tradisjonelt ser på finansielle tenester. Ny teknologi kan leie til nye forretningsmodellar der nye aktørar anten utfordrar eller samarbeider med dei etablerte føretaka. Teknologisk utvikling kan gi betre tilgang til finansielle tenester, fleire tenester å velje mellom og rimelegare og meir effektive tenester. Det kan òg bidra til å auke konkurransen om rådgiving og tilbod av betalingssystem. Ei viktig utfordring med fintech er at nye produkt, distribusjonsmetodar og forretningsmodellar inneber nye typar risiko. Enkelte forretningsmodellar og produkt kan falle utanfor eller utfordre noverande konsesjonskrav.

Den teknologiske utviklinga påverkar alle bransjar som Finanstilsynet har under tilsyn, i større eller mindre grad. Finanstilsynet følgjer utviklinga og ser mellom anna på korleis føretaka og nye aktørar innrettar seg etter lover og reglar.

Finanstilsynet forventar at føretaka gjennomfører risikovurderingar som identifiserer relevant risiko når dei tek i bruk ny teknologi eller nyttar eksisterande teknologi på nye måtar. Relevant risiko i denne samanhengen er mellom anna fare for misbruk og feilrapportering og at føretaka ikkje er bevisste på ansvaret dei har når dei introduserer nye teknologiske løysingar. Omsynet til finansiell stabilitet, trygge tenester og godt kundevern er viktig, og lik risiko må behandlast likt, uavhengig av forretningsmodell.

I Europa elles er det stor aktivitet knytt til fintech. EU-kommisjonen la i mars 2018 fram ein tiltaksplan for fintech, og dei europeiske finanstilsynsmyndigheitene EBA, ESMA og EIOPA har etablert arbeidsgrupper som vurderer risikoar, eksisterande regelverk og organisering av såkalla sandkassar. I tråd med EU-kommisjonens «FinTech Action Plan» frå 2018 publiserte EBA, ESMA og EIOPA i januar 2019 rapporten «FinTech: Regulatory sandboxes and innovation hubs». Denne rapporten beskriv mellom anna kva for innovasjonsretta tiltak som er etablerte i EØS, og gir tilrådingar om beste praksis.

Finanstilsynet har etablert ei informasjonsside for fintech-føretak på nettstaden sin. Det har ført til 19 førespurnader frå fintech-føretak. Fleire av førespurnadene resulterte i møte med Finanstilsynet der føretaka fekk rettleiing og råd om regelverk og kva som krevst for å få konsesjon.

I november 2018 gav Finansdepartementet Finanstilsynet i oppdrag å etablere ein sandkasse for fintech som skal opne for søknader seinast 31. desember 2019.

Folkefinansiering

I 2018 var det mykje snakk om formidling av lån til forbrukarar eller småbedrifter via digitale plattformer frå långivarar som ikkje er finansføretak. I vurderinga av folkefinansiering har Finanstilsynet lagt vekt på at lik risiko må regulerast likt. Plattformer for lånebasert folkefinansiering vil kunne omfattast av den gjeldande reguleringa av bankar og finansieringsføretak eller av reglane om låneformidling, avhengig av rolla til plattformen. Tilsynet vil vurdere verksemd knytt til eigenkapitalbasert folkefinansiering opp mot reglane i verdipapirhandellova.

I kategorien «lånebasert folkefinansiering» blei tre føretak registrerte som låneformidlarar i 2018, og to av desse fekk samtidig konsesjon som betalingsføretak. Sjå omtale på side 31. Før registreringa gav Finanstilsynet omfattande rettleiing om korleis føretaka må organisere verksemda for å bli registrerte som låneformidlingsføretak. Sjå òg rundskriv 10/2017.

Våren 2018 påla Finanstilsynet ein registrert låneformidlar å stanse verksemda ettersom føretaket ifølgje Finanstilsynet si vurdering ikkje blei drive i tråd med den verksemda som føretaket kan drive som registrert låneformidlar. Føretaket klaga på saka og bad om å få starte opp verksemda igjen basert på tiltak som var blitt gjorde. Saka er under behandling.

Ved utgangen av 2018 var det to føretak som hadde løyve til å drive eigenkapitalbasert folkefinansiering etter verdipapirhandellova: ein agent av eit norsk verdipapirføretak og ein filial av eit finsk verdipapirføretak. I tillegg søkte eitt føretak om løyve i slutten av 2018.

Finanstilsynet påla hausten 2018 eit føretak å stanse verksemda ettersom ho blei vurdert som ei konsesjonspliktig investeringsteneste sidan føretaket plasserte emisjonar. Føretaket klaga på pålegget, og saken er under behandling. Sjå òg side 50.



Verksemd som blir driven gjennom plattformer for lånebasert folkefinansiering, skil seg i mange tilfelle ikkje vesentleg frå verksemd som berre kan drivast av føretak som har nødvendig løyve. Finanstilsynet meiner at utviklinga og omsynet til kundevern for låntakar og långivar gjer det nødvendig å innføre konkrete krav til folkefinansieringsplattformer. Det er viktig at det ikkje utviklar seg ein omfattande og lite gjennomsiktig lånemarknad som ikkje er underlagd dei same krava til kundevern som andre aktørar i finansmarknadene. Sjå òg side 31.

Finanstilsynet sende i desember 2018 ut eit høyringsnotat med forslag til reglar om lånebasert folkefinansiering til Finansdepartementet. Tilsynet foreslår at det blir stilt krav til føretak som driv plattformer for lånebasert folkefinansiering, og krav om løyve frå Finanstilsynet. Finanstilsynet foreslår dessutan eit forbod mot at slike føretak formidlar lån til forbrukarar. Finansdepartementet vil avgjere den vidare behandlinga av forslaget.

Hausten 2018 sende Finansdepartementet på høyring eit forslag om at lån til næringsverksemd gjennom plattformer for lånebasert folkefinansiering blir fritekne frå konsesjonsplikt dersom dei ikkje overstig éin million kroner per år. Finanstilsynet gav sine synspunkt i høyringa til departementet.

Berekraftig finans – klimarisiko

Klimaendringane og tiltaka for å avgrense den globale oppvarminga påverkar finansmarknadene på fleire område, både direkte og indirekte.

Finanstilsynet gjennomførte i 2018 aktivitetar knytte til klimarisiko som ein del av det løpande tilsynsarbeidet. Tilsynet følgde opp at forsikringsføretak og bankar vurderer klimarisiko, og temaet blei drøfta på stadlege tilsyn og i møte med føretaka. Relevant og god informasjon om «grøne» investeringsalternativ er eit sentralt element i forbrukarvernet, og tilsynet følgde opp dette gjennom ulike tilsynsaktivitetar.

Finanstilsynet byggjer kunnskap og kompetanse om klimarisiko, mellom anna ved å delta i det europeiske tilsynssamarbeidet.

Brexit

I 2018 var det usikkerheit knytt til at Storbritannia skal tre ut av EU. Mange av brexit-førebuingane til Finanstilsynet er gjorde i samråd med andre nasjonale finanstilsyn og finanstilsynsmyndigheitene i EU. Dette omfattar mellom anna risikovurderingar, utsegner til næringa og råd til EU-kommisjonen. Dei nasjonale tilsyna arbeider òg saman om å gjere ferdig samarbeidsavtalar med myndigheitene i Storbritannia for å bidra til ei god ramme for samarbeid også etter brexit.

Finanstilsynet legg vekt på at norske finansføretak vurderer risikoar og tiltak knytte til brexit. Tilsynet hadde direkte kontakt med fleire av føretaka som blir påverka, oppretta ei temaside på nettstaden og publiserte fleire aktuelle saker om brexit.

I 2018 var aktørar i finansmarknadene særleg urolege for at EU utan britiske sentrale motpartar ville mangle kapasitet til å klare derivatkontraktar. EU-kommisjonen roa marknadene i desember 2018 med vedtaket om at det britiske regelverks- og tilsynsregimet i ein periode på opp til tolv månader blir behandla likeverdig med EU-regimet. Dette vedtaket var nødvendig for at britiske sentrale motpartar kunne søkje ESMA om å halde fram med å tilby tenestene sine i EU, også dersom Storbritannia går ut av EU utan avtalar. EU-kommisjonen vedtok òg i desember mellombelse reglar om novasjon av visse typar OTC-derivatkontraktar, der kontrakten er overført frå ein britisk til ein EU 27-motpart, det vil seie EU-medlemslanda utanom Storbritannia. Vedtaka frå EU-kommisjonen har òg ei EØS-side. Finansdepartementet stadfesta derfor i ei nyheitssak i desember at det vil leggje til rette for at tilsvarande vedtak vil gjelde i Noreg òg.

Finanstilsynet var involvert i å førebu ei foreløpig forskrift i Noreg som vil gi føretak med hovudsete utanfor EØS høve til å halde fram med å drive slike investeringsaktivitetar til profesjonelle kundar og kvalifiserte motpartar i Noreg. Det er ein føresetnad at føretaka også etter 29. mars 2019 kan drive investeringsaktivitetar i Noreg som etter EØS-avtalen er baserte på godkjenning frå tilsynet i heimlandet.



STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA



STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

Styringsstruktur og rapportering

Styret i Finanstilsynet, som Finansdepartementet har oppnemnt for fire år om gongen, har det overordna ansvaret for verksemda i Finanstilsynet. Finanstilsynsdirektøren, som er oppnemnd av Kongen i statsråd for eit åremål på seks år, med høve til å halde fram i seks år til, står for den daglege leiinga. Direktøren rådfører seg med ei leiargruppe som i tillegg til finanstilsynsdirektøren består av avdelingsdirektørane for dei tre tilsynsavdelingane og administrasjonsavdelinga, juridisk direktør og kommunikasjonsdirektøren.

Finanstilsynet er delt inn i tre tilsynsavdelingar og éi administrasjonsavdeling. Avdelingane blir leidde av kvar sin avdelingsdirektør. Kvar avdeling er delt inn i seksjonar, og kvar seksjon blir leidde av ein seksjonssjef. Funksjonane for mellom anna juridisk kvalitetssikring og internasjonal koordinering er plasserte i staben til direktøren. Ein eigen kommunikasjonsstab har ansvaret for ekstern og intern kommunikasjon.

Verksemda til Finanstilsynet er lovregulert gjennom finanstilsynslova. Tilsynslova er supplert av særlovgiving på dei ulike tilsynsområda. Kvart fjerde år utarbeider tilsynet ein strategi for verksemda, som saman med tildelingsbrevet frå Finansdepartementet er grunnlaget for årlege tiltaksplanar. Styret vedtok strategien for 2019–2022 i desember 2018. Tiltaksplanane er grunnlaget for den daglege styringa og for rapporteringa til styret og departementet.

Styret har møte kvar månad og behandlar mellom anna viktige tilsynssaker, til dømes utkast til forskrifter og konsesjonssaker, budsjett og tiltaksplanar for verksemda. Styret får jamleg rapportar om verksemda. Finanstilsynet har møte med Finansdepartementet kvart kvartal. Tilsynet rapporterer i tillegg årleg gjennom årsmeldinga og ein supplerande kortrapport om verksemda til departementet.

Finanstilsynet legg risikovurderingar til grunn for tilsynsarbeidet på alle område og utarbeider òg årlege risikoanalysar for eiga verksemd. Desse analysane blir forankra i styret gjennom behandlinga av tiltaksplanen, og dei blir sende til Finansdepartementet, som følgjer dei opp i styringsdialogen.

Når det gjeld risikovurderingane som blir lagde til grunn i tilsynsarbeidet, er rapporten *Finansielt utsyn* ein sentral analyse. Finanstilsynet har sidan 1994 regelmessig analysert og vurdert risikoen for finansielle stabilitetsproblem i den norske finansmarknaden på bakgrunn av utviklinga i den norske og den internasjonale realøkonomien og i den norske og internasjonale marknaden. Vesentlege delar av vurderinga av lønns-, soliditets- og risikoutviklinga i enkeltføretak

må gjennomførast på bakgrunn av den generelle tilstanden i økonomien og marknadene. Frå og med 2003 blei desse vurderingane offentleggjorde i egne rapportar, som òg omtaler inntening, soliditet og likviditet i finansføretaka. I rapportane blir moglege kjelder til framtidige stabilitetsproblem i det norske finansielle systemet vurderte. *Finansielt utsyn* blir publisert i juni og november/desember. Eit anna grunnlagsdokument er den årlege analysen av risiko og sårbarheit knytt til bruken av IKT i finanssektoren (ROS-analysen).

Finanstilsynet er underlagt årleg revisjon frå Riksrevisjonen. Sjå kapittel VI Årsrekneskap på side 86.

Effektiv drift og organisasjonsutvikling

Effektivisering og digitalisering

Digitaliseringsarbeidet i Finanstilsynet har dei seinare åra vore prega av innføringa av dei store EU-rapporteringane for CRD IV, Solvens II og TRS/MiFIR i regi av dei europeiske finanstilsynsmyndigheitene EBA, EIOPA og ESMA. Løysingane for dei store EU-rapporteringane er bygde opp for å vareta mest mogleg automatiserte prosessar for å kvalitetssikre data, registrere feilmeldingar og tilbakemeldingar til føretaka og effektivt distribuere vidare data til intern bruk og til dei europeiske tilsynsmyndigheitene. Dei automatiserte løysingane har vore ein føresetnad for at Finanstilsynet har klart å møte dei omfattande rapporteringskrava frå EU.

I 2018 starta Finanstilsynet eit langsiktig prosjekt for å modernisere IT-plattformen til Finanstilsynet og løysingane for innrapportering frå føretak under tilsyn. Formålet med prosjektet er å auke fleksibiliteten i IT-porteføljen, dempe den underliggjande veksten i drifts- og forvaltingskostnadene og leggje til rette for nye og betre løysingar. Det blei derfor starta eit prosjekt for å teste ut og ta i bruk meir moderne verktøy for å gjere data meir tilgjengelege for analyse og bruk i tilsynsverksemda.

Eit nytt internt registersystem (Sentralfag) blei ferdigstilt i 2018. Registeret inneheld kontinuerleg oppdatert og harmonisert informasjon om føretak under tilsyn, konsesjonar, grensekryssande verksemd, rapporteringskrav til føretaka, vurderingar av om personar er eigna o.a. og har god funksjonalitet for brukarane. Finanstilsynet har planlagt fleire prosjekt i 2019 for å effektivisere saksbehandlinga og oppnå betre kvalitet på registerinformasjonen.



Finanstilsynet arbeider kontinuerleg med å effektivisere og digitalisere saksbehandlingsrutinar og innrapportering frå tilsynseiningane, mellom anna gjennom utstrekt bruk av Altinn. Ved utgangen av 2018 hadde Finanstilsynet 97 skjema for innrapporteringar via Altinn.

Stadig meir av korrespondansen til Finanstilsynet skjer elektronisk. Over 80 prosent av all utgåande post blir send elektronisk. Det har effektivisert prosessane i saksbehandlinga.

I 2018 blei det sett i gang eit prosjekt for å leggje til rette for mottak og handtering av eksterne varsel til Finanstilsynet i samsvar med arbeidsmiljølova kapittel 2 A og krav i fleire EU-direktiv innanfor finanssektoren. Tilsynet bestemte seg for å ta i bruk ei elektronisk plattform for ekstern varsling. Plattformen skal lanserast i 2019.

Teknologimoglegheitsstudie

Hausten 2018 starta Finanstilsynet ein intern teknologimoglegheitsstudie som innhenta innspel frå medarbeidarar og kartla behov og moglegheiter for å effektivisere tilsynsverksemda og interne arbeidsprosessar ved hjelp av digitalisering. Teknologimoglegheitsstudien fekk brei tilslutning i organisasjonen, og det kom inn over 150 innspel. Kartlegginga viste at tilsynet kan effektivisere og forbetre saksbehandlings- og tilsynsprosessane.

Rapporten frå teknologimoglegheitsstudien vil gi Finanstilsynet eit betre grunnlag for å prioritere IT-investeringar som effektiviserer tilsynsarbeidet. Innspela kan føre til effektiviseringstiltak som kan gjennomførast raskt og med avgrensa ressursinnsats. I tillegg omfattar innspela større og meir langsiktige digitaliseringsprosjekt som involverer robotisering og kunstig intelligens (AI). Meir moderne analyseverktøy vil gi betre avgjerdsgrunnlag og meir effektiv behandling av store datamengder.

Digitalisering som grunniving for omorganisering i 2018

Finanstilsynet si evne til å effektivisere eiga verksemd gjennom auka bruk av digitale løysingar krev mellom anna god organisering, god leiing, eit sterkt teknisk fagmiljø og godt samarbeid mellom brukarar og leverandørar av IT-tenester internt.

Behovet for å forenkle og effektivisere verksemda gjennom digitalisering og samordning av arbeidet med IT-utvikling, rapportering og analysar på tvers av organisasjonen var den viktigaste grunnen til at Finanstilsynet endra organisasjonsstrukturen i 2018 og oppretta ei avdeling for digitalisering og analyse. Ansvarsområda til avdelinga omfattar rapportering frå føretak under tilsyn, analyse, makroøkonomisk overvaking, tilsyn med IKT og betalingstenester og intern IT-utvikling og -drift. Sjå òg omtale på side 10 og organisasjonskartet på side 15.

Analysemiljøet i Finanstilsynet er styrkt, og det er forventa at den nye avdelinga vil bidra til betre samordning og samarbeid mellom sentrale brukarar og IT-miljøet, betre styring av tenestekjøp og strategisk og samordna leiing av IT-utviklingsprosjekta til Finanstilsynet.

Internkontroll

Internkontrollen i Finanstilsynet er organisert i linja og er dermed ein del av den interne styringa i verksemda. Retningslinjer for rutinar, til dømes budsjett disponeringsmyndigheit og andre interne rettleiingar, gjer ansvaret og myndigheita tydeleg og bidreg til effektivt kontrollarbeid.

Leiinga følgjer jamleg opp tiltaksplanane til alle avdelingane og seksjonane. Det skal sikre at ressursinnsatsen, mål oppnåinga og resultatane er i tråd med prioriteringane og forventingane, og at eventuelle avvik blir avdekte, forklarte og eventuelt følgde opp med tiltak. Slik oppfølging sikrar òg samhandling og at heilskapsperspektivet i verksemda blir vareteke.

Finanstilsynet heldt i 2018 fram arbeidet med informasjonstryggleik. Det blei gjennomført øvingar og haldningsskapande arbeid for å betre informasjonstryggleiken. Finanstilsynet svarte på ulike spørjeundersøkingar om informasjonstryggleiken i verksemda og om styringssystem for informasjonstryggleiken.

Arbeidet med å tilpasse Finanstilsynet si verksemd til krava i den nye personopplysingslova og personvernforordninga heldt fram i 2018. Tilsynet utnemnde eit eige personvernombod i 2017. Oppgåva er lagd til kontrollaren, som ser til at medarbeidarane følgjer dei etiske retningslinjene, og som rapporterer til Finanstilsynet sitt styre kvart år.

Finanstilsynet sin misleghaldsprofil blei gjennomgått og oppdatert i 2018. Det blei ikkje avdekt vesentlege svake sider, feil eller manglar gjennom internkontrollen i 2018. Internkontrollen gir eit godt grunnlag for å sikre målretta og effektiv drift, påliteleg rapportering og etterleving av relevant regelverk og interne retningslinjer og rutinar. Verksemda er prega av stor grad av stabilitet, og det oppstår sjeldan feil eller vesentleg svikt i rutinane.

Det er ingen nye risikoforhold eller endringar i verksemda som gjer det nødvendig å etablere ein eigen internrevisjonsfunksjon. Behovet for dette vil bli vurdert på nytt seinare.

Tryggleik og beredskap

Finanstilsynet legg stor vekt på å vareta tryggleiken og ha beredskap for moglege kriser i enkeltføretak, finansiell infrastruktur og marknader. I tillegg har tilsynet beredskap for eventuelle hendingar i eigen organisasjon. Det blir gjennomført øvingar for eventuelle kriser i føretak og marknader og i eigen organisasjon. Finanstilsynet nyttar støttesystemet CIM i beredskapsarbeidet. Tilsynet forenkla og oppgraderte systemet i 2018 og har teke i bruk ei brukarvennleg mobiløysing. Det blir halde brann-/evakueringsøvingar to gonger i året i samarbeid med Noregs Bank.



VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

Gjeldsveksten i hushalda var høg i 2018 òg. Høge eigdomsprisar og stor gjeldsbelastning i hushalda gjer norsk økonomi utsett ved eit omslag. Det er viktig at bankane har god soliditet og store nok likviditetsbufferar til å møte økonomisk tilbakeslag og ny finansuro. Tilpassinga til EU/EØS-regelverket som er forventa gjennomført i 2019, kan føre til noko meir lempelege soliditetskrav enn det som følgjer av den gjeldande norske reguleringa. Finanstilsynet vil i oppfølginga av krav til IRB-modellar og i fastsetjinga av pilar 2-krav leggje vekt på at den reelle soliditeten ikkje skal svekkjast. I vurderinga av soliditeten til bankane legg Finanstilsynet vekt på uvekta kjernekapitaldel, og tilsynet vil bidra til at soliditeten til bankane målt på denne måten ikkje blir svekt framover.

Krisehanderingsregelverket til EU blei gjennomført i norsk regelverk frå 1. januar 2019. Regelverket stiller strengare krav til beredskap i føretaka og hos tilsynsmyndigheitene og kjem med nye reglar for handtering av kredittinstitusjonar i ein krisesituasjon. Regelverket opnar for gjeldsnedskrivning, slik at bankar og andre føretak i krise ikkje skal føre til utgifter for staten. Finanstilsynet er peikt ut som krisehanderingsmyndigheit, mens Finansdepartementet skal gjere vedtak som er viktige for den finansielle stabiliteten. Oppfølging av beredskapsplanar i føretaka, fastsetjing av minstekrav til ansvarleg kapital og nedskrivbar gjeld og i tillegg førebuing til krisehandtering etter nytt regelverk vil vere utfordrande og krevje ressursar i åra som kjem.

På pensjonsområdet har det dei seinare åra skjedd ein gradvis overgang frå ytingspensjon til innskotspensjon med investeringsval. Dei nye produkta krev fagleg forsvarleg og balansert rådgiving. Både på forsikringsområdet og verdipapirområdet må Finanstilsynet sjå til at føretaka rettar seg etter god forretningsskikk i sals- og rådgivingsverksemda. Det er føretaka sitt ansvar å ha marknadsføringsmaterieil med balansert informasjon om risiko og kostnader for kundane. Sjølv om dei nye pensjonsavtalane i hovudsak er innskotsbaserte, vil pensjonsføretaka dei nærmaste åra framleis ha stor restrisiko knytt til etablerte ytingsavtalar, inkludert fripolisar med garantert avkasting.

Det reviderte tenestepensjonsdirektivet (IORP II) stiller skjerpa krav til verksemdsstyringa til tenestepensjonsføretaka. Mellom anna skal pensjonsføretak ha uavhengige kontrollfunksjonar i form av internrevisjonsfunksjon, risikostyringsfunksjon og aktuarfunksjon. Det krev oppfølging frå Finanstilsynet.

Personleg pensjonssparing er i vekst, mellom anna gjennom sparing i verdipapirfond. Det er òg lagt til rette for at slik sparing skal vere attraktiv gjennom etablering av aksjesparekonto (ASK) og individuell pensjonssparing (IPS). Finanstilsynet må følgje opp at føretak som tilbyr slike produkt, tek vare på interessene til kundane.

Oppgåvene til Finanstilsynet følgjer av finanstilsynslova og særlovgivinga på dei ulike tilsynsområda. Finanslovgivinga er i hovudsak basert på felles lovgiving i EØS og er dei siste åra blitt svært omfattande og detaljert. Lovgivinga og deltakinga i det europeiske tilsynssamarbeidet og Finansdepartementet si verksemdsstyring i dei årlege tildelingsbrev og i enkeltoppdrag avgrensar handlingsrommet til Finanstilsynet. Etter kvart som nye rettsakter blir tekne inn i EØS-avtalen, blir handlingsrommet ytterlegare avgrensa.

På grunn av høgt tempo i innføringa av nytt felles-europeisk regelverk og tilsynsharmonisering dei nærmaste åra er det venta at Finanstilsynet framleis må bruke store ressursar på regelverksutvikling. I hovudsak vil det vere oppdrag frå Finansdepartementet i samband med gjennomføring av direktiv og forordningar som ein del av EØS-pliktene. I tillegg må Finanstilsynet bruke store ressursar på å delta i regelverksutvikling og tilsynssamarbeid i regi av dei europeiske finanstilsynsmyndigheitene EBA, ESMA og EIOPA. Det vil framleis utgjere ei stor utfordring for ressursstyringa i Finanstilsynet.

Ei anna side ved regelverksendringane som vil krevje ytterlegare systemutvikling og behandlingsskapitet, er aukande krav til rapportering til EBA, ESMA og EIOPA. Det gjeld relativt omfattande datamengder som skal innrapporterast frå norske finansføretak og som skal inngå i den overordna overvakinga av finanssektoren i Europa.

Finansnæringa har over lang tid teke i bruk ny teknologi som har bidrege til effektivisering og nye tenester. Kontakten med kundane skjer i stadig større grad på digitale plattformer. Nye aktørar utfordrar dei etablerte føretaka, og den teknologiske utviklinga påverkar alle bransjar som Finanstilsynet har tilsyn med. Teknologien innanfor kunstig intelligens medfører at føretaka vurderer moglegheitene som ligg i avanserte former for data-behandling og sjølvlæringa til systema. Robotisering bidreg til å automatisere oppgåver som mellom anna kunde- og saksbehandlarar utfører i dag. Det er ein auka aktivitet for å utvikle teknologiske løysingar som skal sikre at regelverket blir følgt. Såkalla regtech-løysingar blir mellom anna nytta til å avdekkje kvitvasking og terrorfinansiering.

Finanstilsynet følgjer utviklinga og ser på korleis føretak under tilsyn og nye aktørar innrettar seg etter lover og reglar. Gjennom tilsyn vurderer Finanstilsynet korleis føretaka styrer og kontrollerer teknologibruken. Enkelte land har etablert såkalla regulatoriske sandkassar knytte til fintech. Finanstilsynet skal etablere ein teknologisk sandkasse i Noreg, som skal vere open for søknader om deltaking frå tilbydarar og føretak innan utgangen av 2019.



Blokkjedeteknologien kan føre til endringar i finansnæringa i åra framover, men det er framleis etablert få løysingar basert på teknologien. Virtuelle valutaer er ikkje regulerte, og omsetninga skjer på uregulerte marknads plassar med manglande pristransparens.

Klimaendringane og tiltak for å avgrense den globale oppvarminga påverkar finansmarknadene på fleire område, både direkte og indirekte, og fører til nye oppgåver for tilsynet.

For å utnytte ressursane til organisasjonen best mogleg er det nødvendig å vidareutvikle arbeidsprosessane og tilsynsmetodane. Verksemda må effektiviserast ytterlegare ved å ta i bruk nye digitale løysingar. Betre IKT-system vil òg bidra til god tilgang til og utnytting av data som blir rapporterte til Finanstilsynet i stort omfang, og til innhenting, bearbeiding og formidling av data frå andre kjelder. Slik sikrar ein eit godt grunnlag for analyseverksemda og dermed grunnlaget for risikoanalyser av enkeltføretak og bransjar.

Mange av dei rapporteringspliktige etter kvitvaskingsregelverket er under tilsyn av Finanstilsynet, og det blir ført tilsyn med at føretaka etterlever pliktene som følgjer av regelverket. Internasjonalt er det avdekt omfattande kvitvaskingsaktivitetar i fleire bankar, noko som har resultert i stort omdømmetap og høge bøter. Det viser at det er ein stor operasjonell risiko på dette området. Ulovleg verksemd svekkjer tilliten til finansmarknadene og representerer ein urimeleg konkurranse for føretak som driv i tråd med regelverket. Privatøkonomien til enkeltpersonar kan bli hardt ramma. Finanstilsynet følgjer opp ulovleg verksemd på ei rekkje område, og det er eit stort spenn i kva slags type ulovleg verksemd som blir følgd opp.

På fleire område stiller dei nye EU-rettsaktene meir omfattande og detaljerte krav til reaksjonane frå medlemsstatane i form av administrative sanksjonar og andre forvaltingstiltak som skal kunne ileggest både føretak og fysiske personar. Lovbrotsgjerd er ein administrativ sanksjon som kan brukast ved ei rekkje regelverksbrot på ulike område, og rettsaktene set gjerne høge maksimumsbeløp. Som følgje av nytt EU-regelverk får Finanstilsynet kompetanse til å vedta produktintervensjon og gi leiingskarantene. Kompetanse til å gi administrative sanksjonar gir Finanstilsynet eit breiare sett av verkemiddel.

Mange oppgåver krev i aukande grad at ulike einingar og ulik fagkompetanse i Finanstilsynet deltek i oppgåveløysinga. Døme på dette er forbrukarvern ved rådgiving og sal av spare- og investeringsprodukt frå ulike bransjar, IKT-risiko, utkontrakteringsrisiko og kvitvaskingsrisiko. Konsekvent bruk av administrative gebyr og andre sanksjonar på tvers av bransjar vil òg bli viktigare når omfanget av sanksjonsalternativ aukar på fleire tilsynsområde.

Finanstilsynet er ein kunnskapsorganisasjon, og verksemda er avhengig av den faglege kompetansen til medarbeidarane. Finanstilsynet skal vere ein attraktiv arbeidsgivar med evne til å tilsetje dyktige medarbeidarar frå privat og offentleg sektor. Det er nødvendig å ha eit stort innslag av medarbeidarar med erfaring frå verksemd under tilsyn. Eit sterkt fagmiljø er prega av kompetanse, engasjement og kunnskapsdeling. Kompetanseutvikling er viktig for å kunne forstå og vurdere sentrale utviklingstrekk, og det er viktig for å halde på kompetente medarbeidarar.

Finanstilsynet fastsette 18. desember 2018 ein ny strategi for verksemda for perioden 2019–2022. Finansiell stabilitet og velfungerande marknader er førde vidare som hovudmål, og det er lagd til eitt nytt delmål – nedkjemping av kriminalitet. Sjå dei andre delmåla på side 8. I strategiperioden skal Finanstilsynet særleg prioritere desse områda:

- makrotilsyn
- soliditetstilsyn med finansføretak
- tilsyn med distribusjon av utlån, pensjons- og fondsprodukt og andre finansielle instrument
- tilsyn med aktørane i betalings-, handels- og oppgjerssystema og annan finansiell infrastruktur
- tilsyn med etterleving av kvitvaskingsregelverket

Finansmarknadene kan endre seg vesentleg i strategiperioden, slik at det kan bli nødvendig å gjere endringar i prioriteringane. Måloppnåinga er likevel avhengig av fleire faktorar enn finanstilsyn, som utøving av myndigheit på andre politikkområde og andre forhold som påverkar norsk økonomi.

Målretta prioritering og effektiv bruk av tilgjengelege ressursar er viktig for at Finanstilsynet skal kunne bidra til å oppfylle måla. Eit viktig omsyn for Finanstilsynet i åra framover er å gi stort nok ressursmessig rom for kjerneverksemda, som er å føre tilsyn med konsesjonspliktig verksemd. Tilsynsverksemda må vere risikobasert, og ressursbruken innanfor regelverksutvikling og forvaltning må så langt som mogleg vere tilpassa reguleringa si betyding for den samla måloppnåinga.



ÅRSREKNESKAP

ÅRSREKNESKAP

Kommentar frå leinga

Årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med reglement for økonomistyring i staten og er i tråd med dei grunnleggjande prinsippa for budsjettering og rekneskapsføring i reglar om økonomistyring og rundskriv frå Finansdepartementet. Årsrekneskapen med notar gir eit dekkjande bilete av dei disponible løyvingane til verksemda og av rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigedom og gjeld i Finanstilsynet i 2018.

Stortinget fastset utgifts- og inntektsbudsjettet til Finanstilsynet som ein del av statsbudsjettet. Budsjettet for 2018 til driftsutgifter (post 01) var opphavleg på 360,5 millionar kroner. Budsjettet auka med 6,0 millionar kroner som kompensasjon for lønnsoppgjeret. Inkludert overførte midlar på 13,9 millionar kroner frå 2017 var den samla disponible utgiftsramma til drift 380,4 millionar kroner. Samanlikna med det salderte budsjettet for 2017 blei driftsbudsjettet styrkt med 24 millionar kroner i 2018.

Delar av budsjettet til Finanstilsynet blir tildelt på post 45 *Større nyanskaffingar og vedlikehald (IT)*. Løyvinga er øymerkt IT-utviklingsprosjekt, og ubrukte midlar kan overførast til seinare budsjettår, uavhengig av driftsutgiftene. I budsjettet for 2018 blei det løyvd 25,4 millionar kroner, ei styrking på 6 millionar kroner samanlikna med året før. Saman med overførte midlar frå 2017 på 8,7 millionar kroner var den disponible utgiftsramma 34,1 millionar kroner. Nye krav til tilsyn og tilsynsmetodar stiller omfattande krav til tilpassingar av system som støttar tilsynsarbeidet. Arbeidet med å utvikle og tilpasse IT-system for å tilfredsstillere europeiske rapporteringskrav og nødvendig analyse av tilgjengeleg informasjon har gått for seg over fleire år, og det vil halde fram i dei kommande åra. Midla blir og nytta til å modernisere registra og saksbehandlingsverktøya til tilsynet, og det vil bidra til eit meir effektivt tilsyn framover.

Løyvingsrapporteringa viser at utgiftene i 2018 summerte seg til 402,2 millionar kroner til saman, ein auke på 8,8 prosent frå 2017. Mindreutgiftene for post 01 *Driftsutgifter* blei 14,8 millionar kroner, som Finanstilsynet har søkt overført til 2019. Mindreutgifter for post 45 blei 13,7 millionar kroner og er søkt overført til 2019. Berekning av mindreutgifter går fram av note B.

Dei samla lønnsutgiftene var på 274,7 millionar kroner – 7,0 prosent meir enn i 2017. Lønn utgjør 72 prosent av det som blei utgiftsført i 2018. Årslønnsveksten i staten er berekna til 2,8 prosent. Veksten i lønnsutgiftene til Finanstilsynet kan dels forklarast med ei tilbakeføring av for høg betalt pensjonspremie til Statens pensjonskasse frå tidlegare år som blei gjort i 2017. Dersom pensjonspremien blir halden utanfor, blir veksten i lønnsutgiftene 4,4 prosent. Styrkinga av budsjettamma i 2018 blei mellom anna brukt til å tilsetje fleire. Talet på årsverk var

berekna til 282 ved utgangen av 2018, som var elleve årsverk meir enn ved utgangen av 2017. Mindreutgifter for post 01 *Driftsutgifter* samanlikna med budsjettet kan mellom anna forklarast med at tilsetjingane i dei nye stillingane tok lenger tid enn forventa.

Utbetalningar til investering og andre utbetalningar til drift (jf. artskontorrapportering) viser ein auke på 12,0 prosent frå 2017. Veksten skriv seg frå eit behov for å leggje til rette lokala for fleire arbeidsplassar og frå utstyrskjøp og utvikling av IT-system. Auka budsjettamme har gitt høve til å prioritere auka satsing på digitalisering samanlikna med 2017. Planlagde IT-system for å vareta krav frå EU er utsette til 2019, anten fordi ein ventar på ein nærmare spesifikasjon av krav, eller fordi den interne kapasiteten har vore avgrensa. Samtidig har eit pågåande prosjekt for å greie ut val av hovudarkitektur for Finanstilsynet si IT-satsing ført til at fleire planlagde prosjekt blei utsette til 2019. Dette bidrog til at mindreutgifter for post 45 blei på 13,7 millionar kroner i 2018.

Finanstilsynet krev gebyr for kontroll av prospekt etter verdipapirhandelova, for behandling av konsesjon til å drive verksemd som betalingsføretak og for behandling av løyve etter inkassolova. Samla innbetaling blei 12 millionar kroner i 2018, mot 11,9 millionar kroner i 2017. Meirinntekter samanlikna med budsjettet blei 0,9 millionar kroner og skriv seg frå at det blei kontrollert fleire ressurskrevjande, og dermed dyrare, prospekt enn forventa då budsjettet blei utarbeidd. Gebyr for kontroll av prospekt var 11,4 millionar kroner i 2018, mot 11,2 millionar kroner i 2017.

Utgiftene til Finanstilsynet blir etter finanstilsynslova § 9 dekte av institusjonane som er under tilsyn i budsjettåret. Etter lova skal utgiftene fordelast på dei ulike institusjonsgruppene etter omfanget av tilsynsarbeidet. Stortinget har vedteke at det frå 2018 er dei budsjetterte utgiftene i året som er utgangspunktet for fordeling. Tilsynsavgifta blir fordelt på det enkelte føretaket etter utfyllande reglar i forskrift om utlikning av utgifter ved tilsyn. Etter føregåande høyring hos dei aktuelle bransjeorganisasjonane blei tilsynsavgifta sendt til føretaka under tilsyn for betaling i mai 2018. Det samla kravet utgjorde 389,2 millionar kroner. I alt 14 769 tilsynseiningar var omfatta av utlikninga. Av desse var 89 utanlandske filialar. Den største tilsynsgruppa er rekneskapsførarar, som var på 11 347 einingar ved inngangen til 2018.

Vinningsavståing og gebyr for regelbrot blir rekneskapsførte under Finanstilsynet sitt inntektskapittel. Desse inntektene er ikkje ein del av grunnlaget for å rekne ut tilsynsavgifta. Finanstilsynet betalte i 2018 tilbake ei tidlegare pålagt dagmulk på 1,1 millionar kroner. Denne bidreg til at post 86 *Vinningsavståing* og gebyr for regelbrot m.a. viser ei mindreinntekt samanlikna med budsjett på nærmare 0,7 millionar kroner.

Statens innkrevjingsentral krev årleg inn tilsynsavgift og andre gebyr på vegner av Finanstilsynet. Dette arbeidet omfattar òg rekneskapsføring og rapportering av innbetalingar i statsrekneskapen. For at biletet av årsrekneskapen til Finanstilsynet skal bli fullstendig, er desse tala sette inn i ein eigen kolonne i tabell 14: Oppstilling av løyvingrapporteringa for 2018.

Riksrevisjonen reviderer verksemda til Finanstilsynet. Revisjonsmeldinga for 2018 skal liggje føre innan 1. mai 2019 og vil bli publisert på nettstaden til Finanstilsynet.

Oslo, 21. februar 2019

Morten Baltzersen
finansstilsynsdirektør

Prinsippnote for årsrekneskapen

Finanstilsynet fører rekneskap etter kontantprinsippet. Inntekter og utgifter blir rekneskapsførte når dei blir betalte. Rekneskapen følgjer kalenderåret og inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret. Utgifter og inntekter skal førast i rekneskapen med brutto beløp.

Finanstilsynet betaler inn pensjonspremie til Statens pensjonskasse, men følgjer ikkje føresegnene som er fastsette i Finansdepartementet sitt rundskriv R-118 «Budsjettering og regnskapsføring av pensjonspremie for statlige virksomheter fra 2017». Pensjonar blir førde i resultatrekneskapen etter faktisk berekna premie for rekneskapsåret. I 2018 er det berekna 15,55 prosent pensjonspremie av fast lønn opp til 12 G, mot 10,4 prosent i 2017 og 17,5 prosent i 2016. Av dette betaler arbeidstakaren 2 prosentpoeng. Pensjonspremien blir betalt på etterskot fordelt på seks terminar i året. Den siste terminen for kalenderåret forfell til betaling året etter. Det blir derfor ei periodeforskyving for den siste terminen kvart år. Utgiftene til arbeidsgivaravgifta blir berekna og rekneskapsførte for å vise dei totale lønnsutgiftene.

Finanstilsynet er tilknytt konsernkontoordninga til staten i Noregs Bank og har trekkrettar som svarer til Stortinget si løyving. Ved overgangen til nytt år blir saldoen på den enkelte oppgjerskontoen nullstilt.

Løyvingrapporteringa

Løyvingrapporteringa med notar viser løyvingane som Finanstilsynet har hatt til disposisjon, saman med rekneskapsopplysningane som er rapporterte til statsrekneskapen.

Statens innkrevjingsentral er gitt belastingsfullmakt på kapittel 4602, postane 03 og 86, forutan kapittel 5580, post 70. Direktoratet for økonomistyring (DFØ) har gitt Finanstilsynet særskilt løyve til å fråvike krav til framstilling av løyvingrapporteringar, slik dei er fastsette i «Bestemmelser om økonomistyring i staten», punkt 3.4.3.2, ved å bruke fleire kolonnar. Rapporteringa frå Statens innkrevjingsentral går derfor fram av kolonnen «Postert av andre i samsvar med fullmakter». Det reelle avviket mellom løyvinga og rekneskapen går fram av kolonnen «Avvik frå tildeling». Løyve til å fråvike standard framstilling gjeld i første omgang til og med rekneskapsåret 2020.

Artskontorapporteringa

Artskontorapporteringa med notar viser Finanstilsynet si rapportering til statsrekneskapen i 2018 etter standard kontoplan i rekneskapsåret med samanlikningstal for 2017.

Note 8 viser forskjellen mellom avrekninga med statskassen og mellomrekninga med statskassen. Avrekninga med statskassen viser summen av bokført beløp i fordringar og gjeld i kontospesifikasjonen til Finanstilsynet, mens mellomrekninga med statskassen viser fordringar og gjeld som er rapporterte til statsrekneskapen.


Tabell 14: Oppstilling av løyingsrapportering for rekneskapsåret 2018

Utgifts- kapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2018	Meirutgift (-) og mindre- utgift	Postert av andre i samsvar med fullmakter	Avvik frå tildeling
1602	Finanstilsynet	01	Driftsutgifter	A, B	380 445 000	365 601 104	14 843 896		
1602	Finanstilsynet	45	Større nyanskaffingar og vedlikehald (IT)	A, B	34 069 000	20 327 544	13 741 456		
1633	Nettoordning for mva i staten	01	Driftsutgifter		0	16 232 880			
Sum utgiftsført					414 514 000	402 161 528			

Inntekts- kapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2018	Meirinntekt og mindre- inntekt (-)	Postert av andre i samsvar med fullmakter	Avvik frå tildeling
4602	Finanstilsynet	03	Saksbehandlingsgebyr	A	11 079 000	11 746 400	667 400	255 214	922 614
4602	Finanstilsynet	86	Vinningsavståing og gebyr for regelbrot o.a.	A	500 000			-174 308	-674 308
5580	Sektoravgifter underlagde Finans- departementet	70	Bidrag frå tilsynseiningane	A	389 200 000	67 141	-389 132 859	388 670 088	-462 771
5700	Folketrygda sine inntekter	72	Arbeidsgivaravgift		0	34 162 617			
Sum inntektsført					400 779 000	45 976 158			

Netto rapportert til løyingsrekneskapen 356 185 370
Kapitalkontoar

60050601	Noregs Bank KK / innbetalingar	24 469 010
60050602	Noregs Bank KK / utbetalingar	-378 367 464
716106	Endring i mellomverande med statskassen	-2 286 916
Sum rapportert		0

Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen 31.12.

	31.12.2018	31.12.2017	Endring
716106 Mellomverande med statskassen	-13 509 054	-11 222 138	-2 286 916

Note A Forklaring av samla tildeling

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelingar i år	Samla tildeling
1602 01 Driftsutgifter	13 931 000	366 514 000	380 445 000
1602 45 Større nyanskaffingar og vedlikehald (IT)	8 669 000	25 400 000	34 069 000
4602 03 Saksbehandlingsgebyr		11 079 000	11 079 000
4602 86 Vinningsavståing og gebyr for regelbrot o.a.		500 000	500 000
5580 70 Bidrag frå tilsynseiningane		389 200 000	389 200 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-)/ mindreutgift	Utgiftsført av andre i samsvar med avgitte belastings- fullmakter (-)	Meirutgift (-)/ mindreutgift etter avgitte belastings- fullmakter	Meirinntekter/ mindreinntekter (-) i samsvar med meir- inntektsfullmakt	Sum grunnlag for overføring	Maks overførbart beløp*	Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda
1602 01		14 843 896		14 843 896	14 843 896	14 843 896	18 325 700	14 843 896
1602 45	«Kan overførast»	13 741 456		13 741 456	13 741 456	13 741 456	44 400 000	13 741 456

* Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 prosent av årets løyving på driftspostane 01–29, bortsett frå post 24, eller summen av dei siste to åra med løyving for postar med stikkordet «kan overførast». Rundskriv R-2/2018 gir meir detaljert informasjon om overføring av ubrukte løyvingar.



Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Mottekne belastingsfullmakter

Finansdepartementet gav i brev datert 7. april 2016 Finanstilsynet høve til å postere lønn til prosjektleiar for IT-utviklingstiltak på kapittel 1602, post 45. Finanstilsynet nytta ikkje denne fullmakta i 2018.

Stikkordet «kan overførast»

Løyving til Finanstilsynet på post 45 er tildelt med stikkordet «kan overførast». Løyvinga på posten omfattar utviklingstiltak for IT-systema.

Avgitte belastingsfullmakter (rekneskapsført av andre)

Finanstilsynet har gitt Statens innkrevjingsentral belastingsfullmakt på kapittel 4602, postane 03 og 86, og på kapittel 5580, post 70.

Fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarende meirinntekter

Finanstilsynet fekk ikkje meirinntektsfullmakt i 2018.

Mogleg overførbart beløp

Mindreutgifter på post 01 er berekna til 14 844 000 kroner. Beløpet er under grensa for overføring på 5 prosent av årets tildeling på post 01, og heile beløpet blir rekna som mogleg å overføre til 2018. Heile den ubrukte løyvinga på post 45 på 13 741 000 kroner kan overførast, etter søknad.


Tabell 15: Oppstilling av artskontorrapporteringa 31.12.2018

	Note	2018	2017
Driftsinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetalinger frå gebyr	1	11 746 400	11 470 400
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	1	0	0
Sals- og leigeinnbetalningar	1	0	0
Andre innbetalningar	1	0	0
Sum innbetalningar frå drift		11 746 400	11 470 400
Driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetalningar til lønn	2	274 728 416	256 811 620
Andre utbetalningar til drift	3	106 851 822	95 493 611
Sum utbetalningar til drift		381 580 238	352 305 231
Netto rapporterte driftsutgifter		369 833 838	340 834 831
Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
Sum investerings- og finansinntekter		0	0
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar	5	4 348 411	3 772 335
Utbetaling til kjøp av aksjar	5, 8B	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	0	0
Sum investerings- og finansutgifter		4 348 411	3 772 335
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		4 348 411	3 772 335
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	67 141	1 826 852
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		67 141	1 826 852
Tilskotsforvalting og andre overføringar frå staten			
Utbetalningar av tilskot og stønader	7	0	0
Sum tilskotsforvalting og andre overføringar frå staten		0	0
Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		0	0
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		34 162 617	31 397 645
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		16 232 880	13 580 621
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel		-17 929 737	-17 817 024
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen		356 185 370	324 963 290
Oversikt over mellomverande med statskassen			
Eigedelar og gjeld		2018	2017
Fordringar		13 500	46 000
Kasse		0	0
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank		0	0
Skyldig skattetrekk		-13 403 276	-11 439 035
Skyldige offentlege avgifter		-119 278	-316 825
Anna gjeld		0	487 723
Sum uteståande med statskassen	8	-13 509 054	-11 222 138



Note 1 Innbetalinger frå drift	31.12.2018	31.12.2017
<i>Innbetalinger frå gebyr</i>		
Prospektkontrollgebyr	11 356 400	11 080 400
Gebyr betalings- og e-pengeføretak	390 000	390 000
Sum innbetalinger frå gebyr	11 746 400	11 470 400
<i>Innbetalinger frå tilskot og overføringer</i>		
Sum innbetalinger frå tilskot og overføringer	0	0
<i>Sals- og leigeinnbetalinger</i>		
Sum sals- og leigeinnbetalinger	0	0
<i>Andre innbetalinger</i>		
Sum andre innbetalinger	0	0
Sum innbetalinger frå drift	11 746 400	11 470 400
Note 2 Utbetalinger til lønn	31.12.2018	31.12.2017
Lønn	217 075 458	208 260 427
Arbeidsgivaravgift	34 162 617	31 397 645
Pensjonsutgifter	25 696 782	18 231 149
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-8 148 858	-6 556 065
Andre ytingar	5 942 417	5 478 464
Sum utbetalinger til lønn	274 728 416	256 811 620
Tal på årsverk	282	271

Talet på årsverk er talet på tilsette ved årsskiftet, korrigert for stillingsprosent.

Direktoratet for økonomistyring tilrår å bruke ei anna utrekning av årsverk i oppstillinga. Utrekninga blir kalla «standard effektive årsverk». Denne utrekninga viser at det blei utført 245 årsverk i 2018, mot 244 i 2017. Talet er betydeleg lågare enn det Finanstilsynet rapporterer. Forskjellen er at alt sjukefråvær, velferdspolisjonar og mellombels ledige stillingar gjennom året blir trekte frå berekninga av effektive årsverk.

Note 3 Andre utbetalinger til drift	31.12.2018	31.12.2017
Husleige	18 188 372	17 975 248
Vedlikehald egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	4 372 041	158 353
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	6 162 145	6 414 523
Reparasjon og vedlikehald av maskinar, utstyr o.a.	1 264 745	1 216 924
Kjøp av mindre utstyr	537 646	373 527
Leige av maskinar, inventar og liknande	9 758 918	9 072 480
Kjøp av framande tenester	39 291 126	34 905 418
Reiser og diett	6 438 578	6 232 070
Andre driftsutgifter	20 838 251	19 145 067
Sum andre utbetalinger til drift	106 851 822	95 493 611



Note 4 Finansinntekter og finansutgifter	31.12.2018	31.12.2017
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Anna finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	0	0
Valutatap	0	0
Anna finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	0	0
Note 5 Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjar	31.12.2018	31.12.2017
<i>Utbetaling til investeringar</i>		
Immaterielle egedelar og liknande	763 045	461 337
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	0	0
Beredskapsanskaffingar	0	0
Infrastruktureigedelar	0	0
Maskinar og transportmiddel	0	0
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	3 585 366	3 310 998
Sum utbetalt til investeringar	4 348 411	3 772 335
<i>Utbetaling til kjøp av aksjar</i>		
Kapitalinnskot	0	0
Obligasjonar	0	0
Investeringar i aksjar og partsdelar	0	0
Sum utbetalt til kjøp av aksjar	0	0
Note 6 Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten	31.12.2018	31.12.2017
Bidrag frå tilsynseiningane	67 141	1 499 352
	0	327 500
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten	67 141	1 826 852
Note 7 Tilskotsforvalting og andre overføringer frå staten	31.12.2018	31.12.2017
Sum tilskotsforvalting og andre overføringer frå staten	0	0



Note 8 Samanheng mellom avrekning med statskassen og mellomverande med statskassen

Del A Forskjellen mellom avrekning med statskassen og mellomverande med statskassen		31.12.2018	31.12.2018	
		Spesifisering av bokført avrekning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomverande med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler	Investeringar i aksjar og partsdelar*	0	0	0
	Obligasjonar	0	0	0
	<i>Sum</i>	0	0	0
Omløpsmidlar	Kundefordringar	0	0	0
	Andre fordringar	13 500	13 500	0
	Bankinnskot, kontantar og liknande	0	0	0
	<i>Sum</i>	13 500	13 500	0
Langsiktig gjeld	Anna langsiktig gjeld	0	0	0
	<i>Sum</i>	0	0	0
Kortsiktig gjeld	Leverandørgjeld	-6 458 965	0	-6 458 965
	Skyldig skattetrekk	-12 724 755	-13 403 276	678 521
	Skyldige offentlege avgifter	-218 659	-119 278	-99 381
	Anna kortsiktig gjeld	4 596 982	0	4 596 982
	<i>Sum</i>	-14 805 397	-13 522 554	-1 282 843
Sum	-14 791 897	-13 509 054	-1 282 843	

* Verksemder som eig finansielle anleggsmidler i form av investeringar i aksjar og selskapsdelar, fyller òg ut note 8 B. Finanstilsynet eig ikkje aksjar og selskapsdelar, og note 8 B er derfor ikkje utarbeidd.

FINANSTILSYNET

Revierstredet 3
Postboks 1187 Sentrum
0107 Oslo

Telefon 22 93 98 00

Faks 22 63 02 26

post@finansstilsynet.no

finansstilsynet.no





FINANSTILSYNET
Org. nr.: 840747972

Riksrevisjonens beretning

Til Finanstilsynet

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Riksrevisjonen har revidert Finanstilsynets årsregnskap for 2018. Årsregnskapet består av ledelseskommentarer og oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapportering, inklusiv noter til årsregnskapet for regnskapsåret avsluttet per 31. desember 2018.

Bevilgnings- og artskontorrapporteringen viser at 356 185 370 kroner er rapportert netto til bevilgningsregnskapet.

Etter Riksrevisjonens mening gir Finanstilsynets årsregnskap et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter i 2018 og av mellomværende med statskassen per 31. desember 2018, i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig revisjon (ISSAI 1000–2999). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet under «Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet». Vi er uavhengige av virksomheten slik det kreves i lov og instruks om Riksrevisjonen og de etiske kravene i ISSAI 30 fra International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI etikkregler), og vi har overholdt de øvrige etiske forpliktelsene våre i samsvar med disse kravene og INTOSAI etikkregler. Etter vår oppfatning er revisjonsbevisene vi har innhentet tilstrekkelige og hensiktsmessige som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon i årsrapporten

Ledelsen er ansvarlig for årsrapporten, som består av årsregnskapet (del VI) og øvrig informasjon (del I–V). Riksrevisjonens uttalelse omfatter revisjon av årsregnskapet og virksomhetens etterlevelse av administrative regelverk for økonomistyring, ikke øvrig informasjon i årsrapporten (del I–V). Vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese den øvrige informasjonen i årsrapporten. Formålet er å vurdere om det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen, årsregnskapet og kunnskapen vi har opparbeidet oss under revisjonen. Vi vurderer også om den øvrige informasjonen ser ut til å inneholde vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere dette i revisjonsberetningen.

Det er ingenting å rapportere i så måte.

Ledelsens, styrets og det overordnede departementets ansvar for årsregnskapet

Ledelsen og styret er ansvarlige for å utarbeide et årsregnskap som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten. Ledelsen og styret er også ansvarlige for å etablere den interne kontrollen som de mener er nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Det overordnede departementet og styret har det overordnede ansvaret for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig internkontroll.

Riksrevisjonens oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Målet med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betyggende sikkerhet er et høyt sikkerhetsnivå, men det er ingen garanti for at en revisjon som er utført i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig revisjon (ISSAI 1000–2999), alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir ansett som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke de beslutningene brukere treffer på grunnlag av årsregnskapet.

Vi utøver profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen, i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og ISSAI 1000–2999.

Vi identifiserer og anslår risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten den skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Videre utformer og gjennomfører vi revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer og innhenter tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon ikke blir avdekket, er høyere for feilinformasjon som skyldes misligheter, enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil. Grunnen til det er at misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, feilpresentasjoner eller overstyring av intern kontroll.

Vi gjør også følgende:

- opparbeider oss en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om hvor effektiv virksomhetens interne kontroll er
- evaluerer om regnskapsprinsippene som er brukt, er hensiktsmessige, og om tilhørende opplysninger som er utarbeidet av ledelsen, er rimelige
- evaluerer den totale presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene
- evaluerer om årsregnskapet representerer de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten

Vi kommuniserer med ledelsen og styret og informerer det overordnede departementet, blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utføres. Vi vil også ta opp forhold av betydning som er avdekket i løpet av revisjonen, for eksempel svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Når det gjelder forholdene som vi tar opp med ledelsen og styret, og informerer det overordnede departementet om, tar vi standpunkt til hvilke som er av størst betydning ved revisjonen av årsregnskapet, og avgjør om disse skal regnes som sentrale forhold ved revisjonen. De beskrives i så fall i et eget avsnitt i revisjonsberetningen, med mindre lov eller forskrift hindrer offentliggjøring. Forholdene omtales ikke i beretningen hvis Riksrevisjonen beslutter at det er rimelig å forvente at de negative konsekvensene av en slik offentliggjøring vil være større enn offentlighetens interesse av at saken blir omtalt. Dette vil bare være aktuelt i ytterst sjeldne tilfeller.

Dersom vi gjennom revisjonen av årsregnskapet får indikasjoner på vesentlige brudd på administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten, gjennomfører vi utvalgte revisjonshandlinger for å kunne uttale oss om hvorvidt det er vesentlige brudd på slike regelverk.

Uttalelse om øvrige forhold

Konklusjon knyttet til administrative regelverk for økonomistyring

Vi uttaler oss om hvorvidt vi er kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene på en måte som i vesentlig grad strider mot administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten. Uttalelsen gis med moderat sikkerhet og bygger på ISSAI 4000-serien for etterlevelsesrevisjon. Moderat sikkerhet for uttalelsen oppnår vi gjennom revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi finner nødvendige.

Basert på revisjonen av årsregnskapet og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til ISSAI 4000-serien, er vi ikke kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene i strid med administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten.

Oslo; 30.04.2019

Etter fullmakt

Tor Digranes
ekspedisjonssjef

Merethe Nordling
avdelingsdirektør

Brevet er ekspedert digitalt og har derfor ingen håndskreven signatur